



ÅRSMELDING 2019



VÅGÅ
KOMMUNE

Ordføraren kommentar

Årsregnskapet 2019 for Vågå kommune viser at budsjettarbeid, økonomistyring, regnskap og drift er av god kvalitet.

For å ha vissheit om at vi og i framtida har evne til å levere dei tenestene som trengs må ein ha ein robust økonomi, handlekraft og handlingsrom.

For å sikra handlingsrom og handlekraft i framtida har kommunestyret sett tre krav til økonomien. Størrelse på driftsresultat, størrelse på disposisjonsfond og størrelse på lånegjelda.

Driftsresultatet er i 2019 noko lågare enn det ein ynskjer over tid men likevel høgare enn budsjettet som vart vedteke av kommunestyret for 2019. Størrelsen på disposisjonsfondet er på nivå med målet som er sett og lånegjelda monaleg lågare enn det vi vil tillate oss.

Vi har framfor oss store investeringar i omsorgssektoren. Det er difor viktig at vi har pengar på bok som kan redusere låneopptak og sårbarheit. Evna til å avsetja pengar gjev og rom for å handtere auka finanskostnader.

Årsmeldinga viser at det er trygt å vere folkevald i Vågå. Det er god økonomistyring og vedtak vert effektuerte. Da er det lettare å utvikle tenestene og foreta nødvendige investeringar.

Vi har jamt over svært gode tenester i Vågå. På fleire område leverer vi meir enn det som vert kravd av oss og det skal vi vere stolte av. På andre område kan vi utvikle enda betre tenester. Behova endrar seg og det vert stilt store krav til kommune-Norge. Ansvaret for innbyggjarane er stort og våre folk går på arbeid kvar dag for å levere.

Det er såleis ei stor utfordring i å rigge kommunen til å dekke mangfaldet av behov blant innbyggjarane. Det er og slik at der andre ikkje leverer må kommunen dekke opp. Det er kommunen som i praksis sit med det grunnleggjande ansvaret for innbyggjarane.

Vågå kommune vert i mange samanhengar for liten til kostnadseffektivt å dekkje alle behova ein skal dekkje. Resultatet er at vi for vår del deltek vi i over 30 interkommunale samarbeidsfora og interkommunale selskap.

Eg vil takke alle tilsette i Vågå kommune for den store innsatsen som er lagt ned i 2019. Mange av dei tenestene kommunen leverer er av ein slik natur at det ikkje er grenser for kor mykje ein kan leggja inn for å føle at ein gjer eit godt nok arbeide. Det kan difor slite på mange at ein føler at ressursane ikkje strekk til. Det er difor viktig å balansere ressursbruken gjennom budsjetta for å få mest mogleg tenester ut av ressursane vi samla har til disposisjon.

Harald Sve Bjørndal

Ordførar

Kommunestyret



Iselin Vistekleiven
(AP)
Ordførar



Egil Barhaugen
(AP)



Sverre Braaten
(AP)



Frode Sandum
(AP)



Anne Grethe Furuheim
(AP)



Ingrid Turtum
(AP)



Tor-Ivar Furuset
(AP)



Mette Vårdal
(SP)



Anders Gustav Bjørnsen
(SP)



Turid Grimsbø Snerle
(SP)



Ole Jacob Holen
(SP)



Ove Turtum
(SP)



Steinar Ola Håkenstad
(SP)



Svein Blankenborg
(BL)
Varaordførar



Steinar Aasgaard
(BL)



Harald Sve Bjørndal
(BL)

Etter kommunevalet 2019 er
Harald Sve Bjørndal
ordførar i Vågå kommune



Gunnar Frydenlund
(SV)

Kommunedirektøren si vurdering

2019 har på mange måtar vore eit krevjande år for organisasjonen Vågå kommune. Omstilling og tilpassing av drifta til ein bærekraftig organisasjon har teke store delar av ressursane våre. Vi hadde ein god og tydeleg plan for omstilling og god forankring i kommunestyret. Likevel fekk dei tilsette kjenne på at det er langt lettare å drifta ein kommune i medgangstider enn i motgangstider. Nødvendige kutt for å tilpasse aktivitetsnivået og fordeling av ressursar har vore utfordrande. I tillegg har kommunen slite med å rekruttere personell til nøkkelstillingar. Samla sett har dette ført til at mange utviklingsprosessar har vorte skyvd ut i tid.

Den største utfordringa kommunen fekk i 2019 var skredfarekartlegginga frå NVE. I praksis la dette føringar for kommunen, slik at utvikling av Vågåmo sentrum nærmast vart umogleg utan omfattande sikringstiltak i Finna.

Som motpol var gleda stor da vi endeleg fekk opna Galleri Ullinsvin etter 30 års arbeid for eit galleri i Vågå. Markeringa vart gjennomført med utstilling av Morten Krogvold og kronpris Håkon og prinsesse Mette Marit til stades.

Nøkkeltal og årsresultat for kommunen i 2019 er kommedirektøren nøgd med, men det er viktig å peike på at dette i hovudsak skuldast auka inntekter utover det som var-budsjettert. Kommedirektøren vil takke tenesteområda for aktiv deltaking, dei har gjennomført innsparinger der det har vore mogleg.

Omstillingane innan Helse- og mestring har hatt fokus og i 2019 utan at vi har hatt den framdrifta vi hadde håpa på. Prosjektet omhandlar faglege retningsendingar som tenestene må ha i åra som kjem og vil medføre store investeringar. Det er difor, etter kommedirektøren si oppfatning, viktig at beslutningane blir teke på eit godt kartlagt grunnlag.

Kommedirektøren har gjennom året gjeve råd og fått klåre signal attende frå kommunestyret, om å arbeide målretta for å vidareutvikle det regionale samarbeidet. Vi har gjennom heile 2019 prøvd å vidareutvikle samarbeidet i regionen, og spesielt i samarbeid med Sel kommune. Målet i det vidare arbeidet er å etablere samskaping som gjev reelle gevinstar både med omsyn til økonomi, mindre sårbarheit og i fellesskap bygge robuste kompetansemiljø.

På grunn av brann i sjukeheimen i vår nabokommune, har planane om korttidsplassar og felles tildelingskontor i samarbeid med Sel kommune vorte utsett, og i staden tok vi i mot pasientar frå Sel til Vågå.

Kommunestyret sitt vedtak om å endre formål frå bufellesskap for utviklingshemma til bukollektiv for eldre har vorte utsett grunna pågåande rettsak.

Vågå kommune er i prosess med omstilling/tilpassing, for å møte utfordringar i framtida både økonomisk, nye ansvar og oppgåver etter samhandlingsreforma. Vi må framleis ha evne å ha to tankar i hovudet samstundes; arbeide for auka tilflytting og legge til rette for den faktiske befolkninga vi til ein kvar tid har.

Dei friviljuge i Vågå er i ei særstilling. Dei bidreg på dei fleste områda i kommunen og fortener ein stor takk for sin innsats.


Dei tilsette har gjennom 2019 fortent ros for sitt arbeid. Dei har synt lojalitet i omstellingsarbeid og vore deltagande i drifta av kommunen på ein aktiv måte. Kommedirektøren vil nyte høvet til å takke tilsette, dei tillitsvalde og verneombod i alle ledd for eit godt samarbeid.

Kommedirektøren ønskjer og å takke både nytt og gammalt kommunestyre og andre politiske utval for eit godt og konstruktivt arbeidsår i 2019.

Vågå, 8. mai 2020

Jan Egil Fossmo
Kommunedirektør

Organisasjonskart



Om Vågå kommune

Politisk styring

Omfattar det sentrale politiske apparatet med kommunestyret, formannskap, hovudutval m.fl.

Administrasjon og leiing

Den administrative leiinga består etter organisasjonskartet av kommunedirektør, 2 kommunalsjefar, økonomisjef og 13 tenesteleiarar. Ein av kommunalsjefane har kombinasjonsstilling kommunalsjef/tenesteleiar. I heile 2019 fungerte kommunedirektør også som kommunalsjef for helse og mestring etter som det ikkje lukkast å få tilsett i stillingane. Økonomisjefen er ein del av kommunedirektøren si leiargruppe.

Medarbeidrarar

Kommunane møter stadig auka krav om kvalitet, service og effektivitet. Dei tilsette er den viktigaste ressursen for å kunne tilby gode tenester til kommunen sine innbyggjarar. Målet er at kommunen har kvalifisert personell i alle ledd i organisasjonen.

Utvikling i talet på tilsette i perioden 2017-2019

Kommunen samla	2017	2018	2019
Tilsette faste, vikariat, lærlingar – ikkje timelønte 31/12	399	390	383
Endring i årsverk, pr. 31/12	319,1	304,1	297,9
Gjennomsnittleg stillingsstorleik	79,9	78	77,8

Administrative stillingar (kostra funksjon 120 og 290)

Tilsette	25	24	22
Årsverk	18,5	17,9	17,0

At talet på tilsette har gått ned skuldast noko nedbemanning, mellom anna innan barnehage og skule samt helse og meistring.

Likestilling/Likeløn

Av 383 tilsette er det 302 kvinner. Kommunen har eit ønske om å få inn fleire menn i omsorgsyrke enn i dag. Det har så langt ikkje lukkast å få fleire menn inn i barnehagen.

I toppleiargruppe er det 3 menn og ei kvinne ved utgangen av 2019. På tenesteliarnivå er det 6 kvinner og 7 menn.

Tabellen viser fordeling mellom kvinner og menn på ulike tenesteområde.

2019		Kvinner	Menn
I alt	383	302	81
Rådmannsnivå/stab/tildeling mfl	7	5	2
Fellestenester inkl lærlingar	14	10	4
Skule/barnehage	104	84	20
Kultur og næring	16	7	9
Vågåheimen, Heimebaserte	155	146	9
Helsetenester	20	19	1
Landbruk	8	1	7
Teknisk	52	24	28
Skatt/arbeidsgjekontroll/NAV	7	6	1

2018		Kvinner	Menn
I alt	390	307	83
Rådmannsnivå/stab/tildeling mfl	9	6	3
Fellestenester	15	10	5
Skule/barnehage	114	95	19
Kultur og kulturbasert næring	18	9	9
Vågåheimen/heimebasert/Miljøterapitenesta	148	138	10
Helsetenester	20	18	2
Landbruk	8	1	7
Teknisk	50	23	27
Skattoppkrevjar/arbeidsgjekontroll/NAV	8	7	1

Oversikt gjennomsnittleg årsløn (i 1000 kr med utgangspunkt i 100% stilling)

	2019			2018		
	kvinner	menn	Diff. i menns favør	kvinner	menn	Diff. i menns favør
Samla i organisasjon	471	520	10,4%	452	496	9,7%
Kap 3 og 5						
Adm. leiargruppe. inkl tenesteleiar og avd.leiar	658	714	8,5%	613	669	9,1%
Kap. 5.1	560	571	2,0%	537	566	5,4%
Kap. 4.						
Ufaglærte	380	372	-2,1%	373	371	-0,5%
Faglærte	425	451	6,1%	415	437	5,3%
3 årig Høgskule/lærar	492	488	-0,8%	468	463	-0,8%
4 årig Høgskule/adjunkt	529	520	-1,7%	510	492	-3,6%
5 årig Høgskule/adjunkt m/tillegg	568	539	-5,1%	548	522	-4,9%
Lektor og master	541			556		
Lektor m/tillegg	593	558	-5,9%	576	547	-5,3%

Løn for tilsette i kap. 3 (leiargruppa) og kap. 5 blir fastsett etter lokale lønsforhandlingar kvart år.

Løn for tilsette i kap. 4 (som gjeld dei flest tilsette) blir fastsett etter gjeldande hovudtariffavtale i kombinasjon med lokale forhandlingar når dei sentrale partane har sett av midlar til lokal pott. I kapittel 4 vil ulik løn i stor grad ha samanheng med ulik ansiennitet.

Heiltidskultur

Tal for 2019 viser at den gjennomsnittlege stillingsprosenten siste året har endra seg fra 78,0% til 77,8%. Antall tilsette på timeløn har innverknad på gjennomsnittleg stillingsprosent.

Det er pr. 31.12.19 - 258 personar i deltidsstillingar og dei har ein gjennomsnittlig stillingsprosent på 67%. Av dei deltidstilsette er 184 fast tilsette. Det vil bli ei kartlegging av forholdet mellom villig og ufrivillig deltid første halvår 2020.

Aldersfordeling i Vågå kommune

Om lag 48,9% (47% i 2018, 49,1% i 2017) er i aldersgruppa 50 år+. Rekruttering av personell til kommunen generelt vil bli utfordring i åra som kjem. Spesielt innan omsorgsyrkene. Ved inngangen til 2020 er 71 tilsette innan helse og meistring 55 år+ av desse er 37 personar 60 år+. Tilsvarande tal for barnehage/skule er 30 personar av desse er 16 personar 60 år+.

Aldersgruppe	Antall
<20 år	3
20-29	29
30-39	59
40-49	105
50-59	109
60-64	60
65+	18

Seniorane

Kommunen har AFP-ordninga med 100% sjølvrisiko, noko som betyr at kostnaden med alle AFP-uttak mellom 62- 64 år i sin heilskap blir belasta kommunen. Ved inngangen til 2020 har kommunen 5 tilsette/tidlegare tilsette i alderen 62-64 som tek ut delvis eller heil AFP.

Lærlingar

Vågå kommune har inngått ei samarbeidsavtale med Lærlingkontoret Gudbrandsdalen om oppfølging og administrering av lærekontraktar. Kommunen gjev tilbod om lærlingplassar og har ved utgangen av 2019 fem lærlingar.

Lærlingane er fordelte slik:


Område	Antall	Plassering
Barne/ungdomsarbeidarfaget:	2	skule/barnehage
Helsearbeidarfaget:	1	helse og omsorg
IKT:	2	ungdomsskulen

Sjukefråvær/nærværarsarbeid

Vågå kommune arbeider aktivt for å halde sjukefråværet på eit lågt nivå gjennom å ha fokus på helse og nærvær framfor sjukdom og sjukefråvær. Det er innarbeidd gode rutinar for oppfølging av sjukemelde arbeidstakrar og tilrettelegging for at restarbeidsevne kan nyttast. Jamlege statistikk viser utvikling/endring på den enkelte tenestested. I 2016 oppretta Vågå kommune ei nærværarsgruppe som mellom anna har ei målsetting om å betre samarbeid og dialog med legane og «psykisk helseteam» i oppfølging av sjukemelde. Arbeidsgjevar har møte med legane ca. fire gongar pr. år og starta i 2019 også opp med jamlege møte med «psykisk helseteam».

Lege- og eigenmeld sjukefråvær i 2019 var på totalt 7,0% (7,8% i 2018). I 2017 var fråværet på 7,7%. Eigenmeld fråvær utgjer 1,3% av det totale fråværet og dette er nokolunde stabilt (ligg rundt 1,4-1,5%). Vi vil framleis arbeide for å nå målsettinga om eit totalt fråvær på 5,8%. Dei store einingane innan «helse og meistring» ligg på 11%, mot rundt 12-13% i 2018.

Samanlikna med tidlegare år (2008-2018) for lege- og eigenmeld fråvær:



Etiske retningslinjer

For å ivareta etiske standardar på alle nivå i organisasjonen, vedtok kommunestyret 21.10.2008 etiske retningslinjer for Vågå kommune. Retningslinene er meint å vere eit hjelpermiddel for tilsette og folkevalde på etiske problemstillingar som vi kan stå overfor i vår forvaltning. Retningslinene har som mål å vere ei rettesnor for etisk framferd, og samtidig skape refleksjon hos den enkelte. Retningslinene skal reviderast i løpet av 2020.

Internkontroll

Vågå kommune arbeider kontinuerlig med kvalitetarbeid og internkontroll. Vi nyttar verktøyet Compilo (kvalitets- og avvikssystem) i arbeidet. Målet er å få på plass manglande dokumentasjon av rutinar og prosedyrar samt få tilsette til å melde frå om uønskte hendingar. «Helse og meistring», samt brannvesenet har lagt inn mykje dokumentasjon i systemet, men mykje arbeid står att på dei andre einingane og må prioriterast framover.

Type	2019	2018	2017
HMS-avvik	60	40	18
Organisasjon/internt	36	34	28
Teneste/brukar	221	245	176
Totalt	317	319	222

I all hovudsak er avvika melde innan helse og meistring.

Tillitsvalde

Partane i kommunal sektor er samde om at eit godt samarbeid mellom arbeidsgjever og dei tilsette og deira organisasjonar er ein føresetnad for å kunne gje tenester av høg kvalitet og å skape trygge arbeidsplassar prega av eit godt arbeidsmiljø og meiningsfylt arbeid. Det er ein god og ope dialog mellom arbeidsgjever og dei tillitsvalde (HTV-gruppa). Kvar månad møtast leiinga, HTV-gruppa og hovudverneombod til uformelle møte. HTV-gruppa og hovudverneombod blir rådført og inkludert i alle prosessar og avgjerder som betyr noko for dei tilsette. Hovudverneombod er kjøpt fri 10%.

Galleriopning og folkefest i Ullinsvin

Ingress: Den 19. september 2019 skreiv seg inn i Vågå-historia som ein merkedag. Den offisielle opninga av Galleri Ullinsvin med besøk av kronprinsparet og stor folkefest vart ei flott markering av resultatet av eit svært fruktbart samarbeid mellom private aktørar, det offentlege og friviljugheita.

Ideen om eit galleri i Vågå er nesten like gammal som den 30-årige workshopverksemda til fotograf Morten Krogvold i Vågå.

Utgangspunktet var å etablere ein utstillingsstad for Krogvold og foto-elevane hans. Lokaliséringsforsлага har vore fleire, før fokus dei seinare åra har vore på Ullinsvin med mål om å etablere staden som eit kunst- og kultursenter. Den gamle prestegarden er eit naturleg samlingspunkt både pga. lokalisering, historia og dagens bruk.

Vågå har ein rik kunst- og kulturarv, og arbeidet med Ullinsvin er ein måte å vidareutvikle og synleggjere dette på. Med støtte frå Oppland fylkeskommune fekk Vågå kommune i 2017 utarbeida ein masterplan for Ullinsvin for å sikre ein hensiktsmessig utviklingsprosess og få eit heilskapleg prospekt på satsinga. Masterplanen synleggjorde eit mangfaldig konsept med høg kvalitet. Fleire element har kome til den seinare tida som gjer at prosjektet har stått fram med større potensial og meir robust enn tidlegare.

Det som verkeleg sette fart på prosessen var då Vågå historielag, eigar av bygningane i Ullinsvin, tilbaud seg å bygge galleri på fundamenteringa til det som skulle bli magasin. Takka vere eit godt samarbeid, fagleg og økonomisk bistand frå ulike hald, let prosjektet seg realisere på kort tid!

Galleri Ullinsvin har ein stil som harmonerer med dei øvrige bygga i Ullinsvin, og er eit funksjonelt, fleksibelt og miljøvenleg bygg. I tillegg er den gamle låven og fjøset i Ullinsvin oppgradert med bl.a. ny belysning, som gjer at ein totalt sett har tilgang på mykje utstillingsareal. Den gamle forpaktarbustaden blir nytta til sommarkafeen Cafe Edvard. Det er etablert eit eiga driftsselskap, Ullinsvin drift AS, som skal stå for drift av galleriet og tilhøyrande aktivitetar i Ullinsvin.

Kronprins Haakon Magnus og kronprinsesse Mette-Marit avslutta rundreisa si i Nord-Gudbrandsdalen med å opne Galleri Ullinsvin og utstillinga *Stille Lys* av Morten Krogvold. Kronprinsesse Mette-Marit deklamerte Olav H. Hauges dikt "Det er den draumen" da ho føretok den offisielle opninga av galleriet. *"Her i Vågå kjenner jeg virkelig på hva den drømmen kan være. Det å kunne skape, og leve, og formidle kunst og kultur på en slik måte at det berører oss"*, sa kronprinsessa i tala si.

Opningsprogrammet besto av tale ved både ordførar, fylkeskultursjef og Morten Krogvold, kulturinnslag med bl.a. Vågå spel- og dansarlag, 4. og 10. klasse frå skulane i Vågå, samt servering ved Arne Brimi og lærlingane frå Opplæringskontoret Brimi-Kjøken. Galleri-opninga markerte også starten på Morten Krogvold sitt 30-årsjubileum med fotoworkshops i Vågå. Kronprinsparet fekk også omvisning i prestegardshagen samt møte deltakarar på Ull på norsk. Mange hundre hadde teke turen til Ullinsvin den flotte torsdagen i september for å feire opninga av Galleri Ullinsvin.

Område stab/støtte

Område omfattar tenestene Fellesstenester, Tildelingskontor og Næring, samt interkommunale samarbeid der Vågå kommune har vertskommuneansvar (innkjøpskontor og skatteoppkrevjarkontor). Årsmelding for vertskommunesamarbeid blir lagt fram i eige dokument. Politiske styringsorgan blir og ført her.

Namn på leiar: Jan Egil Fossmo

Antall årsverk: 9,5 - inkl. tre på servicetorg/arkiv/politisk sekretær, 0,8 på informasjon, 1 på IKT, 1,7 på lønn, 1 personalrådgjevar, 1 økonomisjef, 1 rekneskapssjef.

Dei tre på servicetorget utfører også tenester for landbrukskontoret og teknisk avdeling.
Arbeidet med omtaksering av grunnlaget for eigedomsskatt har vore utført av rekneskapssjef.

Spesielle hendingar i 2019 verdt å nemne

Fra sommar 2019 har stab/støtte vore utan eigen tenesteleiar etter at Arne Heier gjekk av med pensjon. Han har vore inne på pensjonistlønn tilsvarande 20% stilling for å sikre ei god overføring av kompetanse på lønn/personal. Fra same tid fekk vi ein ny medarbeidar som skal hjelpe til med lønnsarbeid, men også merkantilt innan helse og meistring. Nedgang i ressurs på lønn/personal (0,3 årsverk) frå 2018 er merkbar i heile organisasjon. Tilsette er nå organisatorisk lagt direkte under kommunedirektør.

Det har generelt vore høg arbeidsbelastning på tilsette innan stab/støtte i 2019. For rekneskapssjefen har det vore særskrivjande å inneha to rollar.

Gjennomføringa av kommunestyre- og fylkestingsvalet hausten 2019 kravde store ressursar frå stab/støtte da fleire av dei tilsette var involvert i valarbeidet.

Det har i 2019 vore innført ny plattform på Regiondata og det har ført med seg ein god del små og store problem for brukarane. Dei fleste av desse er løyste etter kvart, men det har vore belastande for brukarane i ein elles travel kvardag. Til gjengjeld har vi no ein meir moderne serverpark med betydeleg raskare responstid enn før.

Stab/støtte har fokus på å digitalisere alle arbeidsoperasjonar og frå statleg hald ser ein at meir og meir blir digitalisert og kanalisert via Altinn t.d. digitale sjukmeldingar.

Framtidige utfordringar

Bemanning innan fagfelta som ligg til stab/støttetenestene blir utfordrande. Tenestene er særskilt sårbare for fråvær på nesten alle område fordi det stort sett er ein person med kompetanse på kvart fagområde.

Frå årsskiftet 2019/20 har vi ny nettleverandør. Dette har ført med seg ein del innkjøyringsproblem, spesielt på dei trådlause netta. Arbeidet med å tilpasse og modernisere nettet held fram i tett samarbeid med leverandøren og Regiondata.

Nytt sak- og arkivsystem for alle norddalskommunane skal på plass. Arbeidet er forsinka grunna utfordringar i anbodsprosessen og det er derfor usikker når nytt system er klart (sannsynleg vår-21). Det gamle systemet er tungvint og lite brukarvennleg.

Tildelingskontor

Spesielle hendingar i 2019 verdt å nemne

I samsvar med intensjonsavtalen mellom Vågå og Sel kommune, så er det igangsett arbeid med å førebu etablering av felles Tildelingskontor. Ei arbeidsgruppe med representantar frå Tildelingskontor i begge kommunar har i 2019 utarbeidd utkast til felles kriterier for tildeling av helse- og omsorgstenester og drøfta føresetnader for etablering av felles Tildelingskontor. Fakturering og vederlagsbereking ved opphold i institusjon vil og bli lagt til felles Tildelingskontor.

Framtidige utfordringar

Vågå kommune har dei siste åra dreia ressursar frå institusjon til heimebasert omsorg. Vi har sidan 2013 redusert antall plasser ved Vågåheimen frå 59 plasser til 29 plasser (planlagt frå våren 2020). Samtidig er det planlagt å etablere bukollektiv for eldre og omsorgsbustader med døgnbemannning, slik at vi får ei betre utbygd bustadtrapp. Vi vil på denne måten kunne gjeva tenester på rett nivå. Det er viktig at Vågå kommune bidreg til at innbyggjarane i større grad vil leggje til rette for egen alderdom og bustad. Desse butilboda har vi førebels ikkje tilgjengeleg og vi manglar difor eit steg mellom heim og institusjon. Dette gjer at vi i periodar har stor etterspørsel på institusjonsplassar, men og auka press i heimetenesta.

Alderssamansetninga i Vågå kommune endrer seg, der vi får ei auke i antall eldre og antall i yrkesaktiv alder går ned. Dette kjem i tillegg til at oppgåver frå speialisthelsetenesta blir overført til kommunane, både innan habilitering/rehabilitering, psykisk helse og rus og somatikk.

Næring

Namn på leiar: Live Brimi

Talet på årsverk: 1

Økonomi

Skåppå er innleidd i 60 % for å dekke opp næringskoordinator som er utleid til Massivtre prosjektet. Det har vært intensionen at næringskoordinator berre skal arbeide 20% i Vågå kommune, men dette har dessverre ikkje vore gjennomførbart pga høg aktivitetsnivå innanfor Næringslivet. Av denne grunn har det vore eit meirforbruk i avdelinga i 2019.

Spesielle hendingar i 2019 verdt å nemne

Det vart arrangert to innovasjonsdagar i 2019 saman med Innovasjon Norge. Den eine i Vågå og den andre i Lom. Begge dagane var fullbooka med individuelle samtalar. Det vart og arrangert næringspub, frukostmøtar og internationaliseringsworkshop med IN. Arrangementa vart godt mottekte og er viktige tiltak for å knyte nettverk mellom næringsaktørane. Alle arrangement vart gjennomført i samarbeid med Lom Kommune, Nasjonalparkriket og Visit Jotunheimen. Nord Gudbrandsdalen arrangerte i mai samling for heile verkemiddelapparatet i Oppland, og deltok på samling i oktober for nye innlandet.

I samarbeid med næringslivet og politikarane ble det utvikla ein handlingsplan for næring og reiselivet i Vågå Kommune. Denne vart vedteke både i Formannskap og Kommunestyret og vil være næringskoordinator sitt arbeidsverktøy framover.

Vågå Kommune har via samarbeidet med Skåppå skapt stor aktivitet i Næringslivet. Dette vart tydeleg gjennom 8 nye målbedrifter til Skåppå og mange innvilga tiltak frå Innovasjon Norge og Oppland Fylkeskommune.

Framtidige utfordringar

Vågå viser dei siste åra ei sterk negativ befolkningsutvikling og trenden er den same for heile Nord Gudbrandsdalen. Det må setjast inn tiltak for å forsøke å stabilisere denne utviklinga og skape attraktivitet og positivitet rundt området. Vågå Kommune bør ta ei offensiv rolle for å ta initiativ til meir samarbeid og felles aktivitetar for heile Nord Gudbrandsalen. Det var ikkje gjennomført stillingslepp i 2019, da tilflyttungsansvarleg på regionskontoret har vore i mammapermisjon. Stillingslepp er planlagt i mars 2020.

NAV

Namn på leiar: Magnhild Vole

Spesielle hendingar i 2019

Prioriterte område har vore: Betre brukermøter og færre på passiv stønad. Ungdom under 30 år har vore ei særleg prioritert målgruppe.

Framtidige utfordringar

Vi er nå ein del av nye NAV Innlandet. Vi er eit av dei minste kontora, og Vågå kommune blir stadig utfordra på å tenke kva dei ser for seg av utvikling i forhold til sitt NAV kontor.

Kultur

Namn på leiar: Stein Holen

	2017	2018	2019
Sjukefråvær	7,8%	5%	2,1%

Spesielle hendingar i 2019 verdt å nemne

- **Flyktningtenesta:**
 - Vart kun 4 busette i 2019 pga utsett buseetting av 6 personar hausten 2019
 - Kommunen hadde lite sekundærflytting
 - 50% prosjektstøtte i flyktningtenesta vart avslutta i 2019
- **Folkehelse**
 - Utleidt til kurs "Fiskesprell" til Oppland Fylkeskommune
 - Ordna utlånssentral saman med ungdomskonsulent og Vågå bibliotek
- **Bibliotek**
 - Sommarles for barn, Halloween-spesial, SFO-besøk med lesestund, vinterles for vaksne, N-games for barn og unge
 - Forfattarbesøk
 - Barneteater i samarbeid med kulturskulen
 - Nytt i 2019: Skulebesøk for elevar ved Vågåmo skule. Lesesirkel.
- **Munch i Vågå**
 - Utstillingsbygget i Ullinsvin , inkl. dei virtuelle sanseromma for barn vart opna 19. september 2019 av kronprinsparet
 - Utarbeiding av grafisk profil, skiltplan og nettside vart ferdigstilt
 - Jubileumsutstilling i galleriet ved Morten Krogvold – 30 år i Vågå
 - Prosjektleiarstillinga fekk 50% medfinansiering frå Oppland fylkeskommune også for 2019 i tillegg til at det har vore innhenta tilskot frå fleire ulike instansar
 - Stort fokus på å byggje opp Ullinsvin som besøkstad og arrangementsarena
-
- **Ullinsvin drift AS**
 - 2019 var 3. året at Vågå kommune hadde tilsette Munch-guidar i sumarsesongen
 - Den årleg Munch-dagen vart arrangert 20. juli
 - Vidareføring av "Munch – den nordlige rute" i samarbeid med Løten der destinasjonsselskapet Nasjonalparkriket Reiseliv As er prosjekteigar
- **Ungdomskonsulent**
 - Arbeidsoppgåver har i 2019 blant anna vore: Vågå ungdomsråd, MOT, Natteravnarbeid, ungdomsklubb og UFO (ungdomsfridtsordning)
 - Vågå kommune har sidan 2018 vore med i eit LOS-prosjekt der ungdomskonsulenten har hatt ein oppfylgings- og losfunksjon for barn og unge frå 5. steg og oppover.
 - Ungdomsmedarbeidaren og ein representant frå politiet utarbeidde eit program og gjennomført besøk i alle 5., 6. og 7. klassane i Vågå
- **Frivilligsentral**
 - 5440 friviljuge timer fordelt på 108 personar
 - Køyrd ut 4481 middagar + strøsand

- Livreddningskurs, babymassasje, datahjelp for eldre m.m.
 - TV-aksjon
 - Laga bakstrom i Gammelstugu
 - **Kultur**
 - 36 kinokveldar med ein barnefilm og ein voksenfilm kvar kveld.
 - Vågå-dågå 2019
 - Konserter i kulturhuset, kyrkja, Gardsøy og Ullinsvin
 - Samarbeid med andre lag og organisasjoner om større arrangement som Landskappleiken, Traktor-rock, Fjellfilmfestivalen med fleire
 - Samkøyring og hovudansvar for "Jul i Vågå" og "Sommar i Vågå"
 - Drift av Vågå kulturhus og Vågåhallen
- Framtidige utfordringar**
- **Flyktningtenesta:**
 - Stor utfordring å behalda den jamne og forutsigbare busetting som Vågå har hatt i 20 år
 - Fortsatt ei utfordring å ha tilgjengeleg husvære med meir enn 3 soverom
 - Utfordringa med å få flest mogleg av dei busette ut i arbeid/ordinær utdanning vil vera større enn nokon gong pga at tildeling skjer mykje på grunnlag av kommunens resultat etter introduksjonsprogrammet
 - Kommunen vil få økonomiske utfordringar i 2020 pga nedgang i integreringmidlane frå staten og færre elevar i introduksjonsprogrammet
 - Organiseringa av flyktningtenesta/voksenopplæringa og NAV
 - Finne gode kreative løysingar for eit meir arbeidsretta introduksjonsprogram
 - **Folkehelse**
 - Å kunne prioritere oppgåver etter ei mengd førespurde oppgåver
 - **Bibliotek**
 - Skape eit bibliotek for alle ved dei aktivitetane biblioteket har i dag samstundes som vi utviklar nye.
 - Samarbeide meir med heile grunnskulen
 - Skape ein arena for tilhøyrighet saman med Vågå il og Ungdomsklubben
 - **Munch**
 - Skape ei berekraftig drift
 - **Ullinsvin drift AS**
 - Finansiere historisk vandrute Edvard Munch frå Gjende til Ullinsvin
 - Byggje kjennskap, synleggjere og selje Munch-produkta i Vågå
 - **Ungdomskonsulent**
 - Få eit budsjett slik at rusgruppa kan intensivere arbeidet med førebyggjande arbeid
 - Ungdomsklubben treng oppgradering i form av vedlikehald av eksisterenda utstyr og utbyting av gammal utstyr.
 - **Frivilligsentral**
 - Rekruttere nye friviljuge ved behov
 - **Kultur**
 - På grunn av økonomi blir det vanskelegare å vanskelegare å kunne tilby konserter av høg kvalitet.
 - Pga mindre vaktmeister-ressurs så blir det meir synleg slitasje på hall/kulturhus

Positive tankar

- Ved å tenkje positivt, søkje om eksterne midlar, samarbeide på tvers av avdelingar og saman med næringsliv, lag og organisasjoner, samarbeide på tvers av kommunegrenser, så har vi eit svært godt utgangspunkt for å "skåpå" ei god bygd å bu i.

Område Helse og mestring

Område omfattar tenestene Vågåheimen, Helsetenester, Tenester for funksjonshemma og Heimesjukepleia.

Vågåheimen

Tenesteleiar: Marianne Herlofsen Stadeløkken

Årsverk: 48,62

	2017	2018	2019
Sjukefråvær	11,6%	13,3%	10,7%

Spesielle hendingar:

Pga. brann på sjukeheimen på Sel, har vi hatt 12 pasientar frå Sel. Vi har hatt 10 pasientar på kortidsavdelinga i 1 etg., og to plassar på sjukeheimen.

Vi har i 2019 arbeidet mye med budsjettet for 2020. I løpet av våren (januar-februar) 2020 avikles nyleia, samt kutt av 3x66% stilling på natt og engangementsstillingar på helg. Da blir det kortidspasientar i 1. etg og foreløpig langtidspasientar på nybygget 8. april hadde vi besøk av matgledekorpsset, ved Turid Widjusveen Olsen. Dei arbeider for eit aldersvennleg Norge med fokus på aktivitet og felleskap, mat og måltider for eldre. Vi fekk mange gode tips og idear.

Det har også blitt kjøpt nytt fargerikt service til beburane våre. Etter brannen på Sel sjukeheim 14 juni har vi hatt 12 brukare frå der. Heile kjøkenpersonalet har vore på diabetikerkurs og 2 frå kjøkenet har vore på kakepyntekurs.

Elles har det vore stor aktivitet på arbeidstugu. Vekeplan for pasientane har vore full med aktiviteter heile veka.

Framtidige utfordringar:

Vi har høg alder på personalet på Vågåheimen slik at vi må tenke rekruttering.

Fløy D/G har i dag berre langtidsplasser. Vi strever etter at vi skal ha fem langtidsplasser, og resten langtidsplassar på avdelingen. Dvs 3 rom brukes til langtidsplassar. (to rom brukes som dobbeltrom og et enkeltrom). Når vi får til dette, har vi en institusjon med 5 langtidsplassar opp og 5 langtidsplassar nede og 23 langtidsplassar.

Det er også veldig mye dokumentasjon som sluker kvar dagen vår. Veldig vanskelig å plukke ut kva som er viktigast.

Helsetenester

Tenesteleiar: Liv Olasveen

	2017	2018	2019
Sjukefråvær	10,7%	5,8%	3,1%

Legeteneste

Medisinskfagleg rådgjevar: Kommuneoverlege Gulleik Riksaasen.

Antall årsverk: 4 fastlege heimlar, alle privatpraktiserande. 1 LIS1 lege, kommunal. 4 hjelpepersonell. Alle 100% stilling.

Spesielle hendingar i 2019: Det har ikkje vore noko spesiell hending i 2019. Legetenesta har hatt ordinær drift gjennom heile året.

Framtidige utfordringar: Rammevilkår for fastlegar. Kva for oppgåver som blir pålagt og korleis dei blir fordelt i forhold til organisering. Store omveltningar i psykiatrien. Bekymringsfull utvikling: døgnplasser leggast ned. Korleis vil det påvirke legetenesta når Bredebygden leggast ned og Reinsvoll er foreslått lagt ned.

Helsestasjon- og skulehelsetenesta

Antal årsverk: 2 helsesjukepleiare, 1 fysioterapeut, 1 jordmor (62% regional jordmorvakt, 48% kommunal) 0,25% lege.

Spesielle hendingar i 2019: Kommunepsykolog tilsett september 2019.

Framtidige utfordringar: Press/knappheit på tid ift. god og tilstrekkeleg oppfylgjing av brukare, og relevant kompetanse i møte med utfordringar brukare har. Systematisk kartlegging av lettare psykiske vanskar hjå barn og unge. Dette skal løysast i førstelinetenesta. Manglar fora for kompetanseutvikling og samarbeid på både system- og individnivå for barn og unge.

Psykisk helseteneste

Antal årsverk: totalt 4 stillingar fordelt slik: 1 psykiatrisk sjukepleiar, 0,4 sjukepleiar m/vidareutdanning rus og psykiatri, 1 vernepleiar, 1,1 helsefagarbeidare m/vidareutdanning psykiatri, 0,5 miljøterapeut.

Spesielle hendingar i 2019: Døgneinheit på Otta (Bredebygden) bestemt lagt ned. Dette har allereie medført auka pågang til lokal psykisk helseteneste. Pasientstyrte plasser ved DPS opphører, mange pasientar mistar eit viktig tilbod. Det planleggast ambulante team , såkalla FACT-team.

Aktivitør stillinga i tenesta blei omgjort til vernepleiar, etter endt utdanning. Viktig kompetanse som trengs for å møte dei nye utfordringane. Vi blei også styrka med kommunepsykolog som vi deler med Lom og Skjåk.

Framtidige utfordringar: Forventar auka pågang av tyngre psykisk lidingar/ ruslidingar. Aukande antal unge- og særleg unge menn. Auking av elevar som fell ut av vidaregåande skule, samt rusproblematikk. Vi forventar at kommunen må gje tilbod til pasientar som i tyngre periodar treng tett oppfylgjing, som tidlegare blei innlagt.

Ergoterapitenesta

Årsverk: 90% ergoterapeut

Spesielle hendingar i 2019: Korttidsavdelinga har vore stengt delar av 2019. Delteke i prosjektgruppe for å anskaffe digital plattform for 6K.

Framtidige utfordringar: Fleire eldre skal kunne få bu heime så lenge dei ynskjer. Sjukdomsbilete er meir kompleks. Det blir stadig fleire eldre.

Fysioterapi

Antall årsverk: 2x30% kommunal stilling, 2x70% driftsavtale privatpraktiserande.

Spesielle hendingar 2019: Korttidsavdelinga har vore stengt.

Framtidige utfordringar: Gje pasientar med behov for rehabilitering eit godt rehabiliteringstilbod under opphold på korttidsavdeling og i heimen.

Vågåtrimmen

Antall årsverk: 2 x 100% driftsavtale privatpraktiserande

Spesielle hendingar: Ventetid variert mellom 8 veker og 3 månader. Gruppe og individbehandling. Treningsapparat, garderober, venterom, ekspedisjon og kvilerom rehabilert.

Framtidige utfordringar: Stor pågang, men prioriterte pasient grupper kjem raskt til undersøkjing slik kravet er.

Logoped

Årsverk: 100% Logoped

Spesielle hendingar i 2019: Avtale med PPT kutta frå Sel kommune, utgjer 25%. Sel, Dovre, Lesja, Lom og Skjåk som tidlegare har kjøpt teneste frå Vågå kommune opphører.

Framtidige utfordringar: Vanskeleg å planlegge fram i tid, da sjukdom rammar plutsleg og den enkelte treng hjelp fort.

Psykolog

Lom er vertskommune og har arbeidsgjevar ansvar

Spesielle hendingar i 2019: Ansatt i september 2019. Gjere seg kjent med kommunen og deira behov. Bidra med nyttig vegleiing og arbeider tett opp mot psykisk helseteneste, helsestasjon og skulehelsetenesta og andre tenester i kommunen.

Framtidige utfordringar: Stadig auke av barn/unge som krev oppfylgjing av 1. linetenesta. Jobbe tverrfagleg på systemnivå for å forebygge at dette utviklar seg.

Miljøterapitenesta

Namn på leiar: Nina Løkken Bråten

	2017	2018	2019
Sjukefråvær	12,9%	11,8%	11,2%

Framtidige utfordringar

Det er ei utfordring å drive ei teneste med ein slik struktur. Det er vanskeleg å drive dette som ei teneste og ikkje som fire ulike avdelinger. Det bør vera eit mål å gjera det meir fleksibelt, men samtidig ivareta trygghet og forutsigbarheit for brukarane. Vi må blant anna kunne bruke personalet meir på tvers av avdelingane ved sjukefråvær for å unngå overtidsbetaling og mykje vikrarar/ ekstrahjelp. Vi bør også bli flinkare til å dele/ bruke kompetanse på tvers av avdelingane. Det er ulik turnus ved kvar av avdelingane. Det kan også vera utfordrande med tilrettelegging for sjukmeldte.

For å levere gode tenester er det viktig med godt samarbeid og det må leggast til rette for møtepunkt. Tenesta har avdelingsmøte, brukarmøte, felles personalmøte, ansvarsgruppemøte, fagansvarsmøte og andre samarbeidsmøte. Dette er noko som kostar mykje pengar sidan dette ofte kjem utanom vanleg arbeidstid (turnus). Dette gjer at det kan bli både overtidstimar på enkelte og elles mange ekstra arbeidstimar i lønn. Samtidig er det nødvendig for å få til ei god teneste.

Det har vore mykje fokus på lukking av avvik i tenesta. Desse vart lukka våren 2019, men det er framleis viktig å halde oppe fokus på fag og system og spesielt implementering av dette. Dette krev fagtid til dei fagansvarlege og leiing som er tett på den daglege drifta. Det har vorte auka frå ein fagdag til to fagdagar i månaden for dei fagansvarlege, og det har vore to avdelingsleiarar i tenesta frå hausten 2019. Dette er det sjølv sagt ein ekstra kostnad ved.

Vi bør ha eit mål om å få til eit godt avlastningstilbod for barn i eiga kommune. Vi kjøper denne tenesta frå ei anna kommune nå. Her treng vi å opparbeide eit godt tilbod til dei både på helg og i ferier. Vi har også fleire nye brukarar som er på tur inn i tenesta vår som har ulikt hjelpebehov.

Heimetenesta

Namn på leiar: Kitt Heidi Telebond

Antall årsverk: ca 28 stillingar, PA og BPA er i tillegg.

	2017	2018	2019
Sjukefråvær	7,4%	11,1%	5,8%

Spesielle hendingar i 2019 verdt å nemne

- Samhandlingsreformen som gjev raskare utskriving frå sjukehus.
- Auke på utskifting av personale. Det har til no vore god søkermasse.
- Ernæring – oppfølging i heimesituasjonen.
- Auka kompetanse –omdisponering av ressursar.

Framtidige utfordringar

Leve heile livet reformen vil gi store utfordringar for heimtenesta. Bebuarane kan få bu heime med auka bruk av tenester så lenge det er fagleg forsvarleg.

Logistikk rundt arbeidslister på dag, kveld og natt.

Rask utskriving frå sjukehus.

Informasjonsflyt mellom spesialisthelsetenesta og kommunen er utfordrande.

Demens – det er eit aukande antal og ofte yngre som får diagnosa demens.

Velferdsteknologiske løysingar må vera meir i fokus for å frigjera tid til direkte pasientkontakt.

Korttidsavdeling og nattevaktt. Usikkert kor mange alarmar som vert løyst ut, som nattevakta skal ta seg av. Vedkomande er åleine på bygda og har ansvar for korttidsavdelinga også.

Område barnehage og oppvekst

Område omfattar tenestene barnehage, grunnskule, voksenopplæring og musikkskulen.

Lalm barnehage.

Namn på leiar: Siv Kristin Paulsen

Antall årsverk: 5,50 haust 2019

	2017	2018	2019
Sjukefråvær	4,6%	12%	14,6%

Spesielle hendingar i 2019

I 2019 hadde vi brukarundersøking. Svarprosenten kunne gjerne vore høgare, men vi fekk danna oss eit godt bilet av kor tilfredse føresette er med barnehagetilbodet på Lalm. Vi scora høgt på det meste, og det eg vil trekke særskilt fram er at føresette føler at de og barna blir møtt med respekt og blir sett og hørt.

Framtidige utfordringar

De siste årene har antal søknader på barnehageplass vorte merkbart redusert. I 2019 hadde vi fem nye barn og vi ser at inneverande år blir det færre søker. Man ser at det i heile kommunen er fødd færre barn, og da også på Lalm. Det er ei utfordring for barnehagen.

Søre Grindstugu barnehage

Namn på leiar: Jorunn Linderud

Talet på årsverk: 15,9 våren 2019 og 15 hausten 2019

	2017	2018	2019
Sjukefråvær	13,1%	8,3%	4,8%

Spesielle hendingar i 2019

To pedagogiske leiarar deltek på studiet "Barns språkutvikling og språklæring i barnehagen". UDIR gjev støtte til dette innafor ramma *Kompetanse for framtidas barnehage*. Styrar tek studiet "Barnehagejuss" som er sett i gang av Fylkesmannen. Både studia er ved høgskulen i Innlandet.

Fokusområdet vårt våren 2019 var: FYSISK AKTIVITET, NATUR OG MILJØ, det er god kvalitet i dette arbeidet når dei vaksne: legg til rette for fysisk aktivitet, lar barna få oppleve og utforske naturen året rundt og fremmer forståing for berekraftig utvikling.

Hausten 2019 var fokusområdet: SPRÅK OG KOMMUNIKASJON, det er god kvalitet i språk og kommunikasjon når den vaksne skapar eit variert språkmiljø, støttar barna i leik og stimulerer dei til å bruke språket og er ein god rollemodell.

Vi hadde i 2019 eit sjukefråvær på 4,8 % noko vi er godt tilfredse med.

Vi gjennomførte brukarundersøking våren – 19 som ga svært gode resultat. Der vi ikkje låg på snitt med landet låg vi over. Snittsva var mellom 5,0 og 5,6 (6 er høgaste scoren du kan få). På spørsmål om tilgjengelegheit (opningstider) var snittet 5,6. På spørsmål om i kor stor grad du er tilfreds med barnehagen barnet ditt går i vart snittet 5,4.

Framtidige utfordringar

Det har vore låge fødselstal over ei periode, men dei siste to åra har det auka noko og har stabilisert seg på rundt 30 (+) per år. Samstundes ser ein at fleire yngre barn søker plass, og fleire vil ha 4 og 5 dagars plassar.

Heldigvis har vi god søker, og vi har til nå hatt plass til dei som ynskjer oppstart ved nyttår.

På grunn av moderasjonsordninga, som er bestemt sentralt, så blir det mindre inntekter til kommunen gjennom foreldrebetaling.

Lalm skule

Namn på leiar: Tor-Even Vågheim

Tal årsverk: 7,9

Spesielle hendingar i 2019 verdt å nemne

SFO vart avvikla ved Lalm skule i desember 2018 grunna få påmelde. I budsjettperioden 01.01.2019 – 01.08.2019 var det ikkje tilbod om SFO på Lalm skule.

Nye læreplanar hausten 2020

Januar 2019 byrja vi på arbeidet med fagfornyinga og dei nye læreplanane. Vi har nytta mykje tid på læreplanens overordna del og dei nye kjernelementa i ulike fag. Vi ser fram til det vidare arbeidet og gleder oss til å ta i bruk dei nye læreplanane hausten 2020.

Ny rektor

01.08.2019 vart Tor-Even Vågheim tilsett som rektor på Lalm skule.

Fysisk aktiv læring

Lalm skule starta hausten 2020 eit prosjekt i Fysisk Aktiv Læring. Dette er ein undervisningsmetode som lærarane ved skulen skal nytte i alle fag. Det er eit målretta arbeid som har skapt engasjement i personalet og elevgruppa. Våre hovudmål med metoden

er å styrke læringsarbeidet, det sosiale miljøet og fremje psykisk og fysisk helse. Vi har fått støtte til utstyr av Regionrådet til denne satsinga.

Framtidige utfordringar

- Det er ei utfordring å skaffe vikarar ved korte og lengre fråvær.
- Rekruttere og behalde kompetanse
- Fortsette arbeide med god tilpassa opplæring og.
- Fortsette arbeidet med eit trygt og godt læringsmiljø.
- Det ser ut til å bli færre elevar ved Lalm skule i tida framover.

Vågåmo skule

Namn på leiar: Dag Nyøygard (fungerande rektor)

Antall årsverk: 35 årsverk

	2017	2018	2019
Sjukefråvær	5,2%	6%	4,2%

Spesielle hendingar i 2019 verdt å nemne

Det er utfordrande at det vert tilrådd spesialpedagogiske ressursar i løpet av skuleåret. Dette vert da timar det ikkje er teke høgde for i budsjettprosessen, og ein klarar ikkje å løyse ressursbehovet innan opprinneleg økonomisk ramme.

Det er viktig at ein sikrar såpass god grunnbemanning at elevar i «gråsone» for spesialundervisning, får ei tilfredsstillande og likeverdig opplæring innanfor det ordinære opplæringstilbodet.

Hovudfokus dette skuleåret har vore å sikre at elevane har eit trygt og godt skolemiljø. Vidare arbeider vi med å vere godt budde på å ta i bruk den nye læreplanen frå august 2020. Alle lærarane har delteke på fagnettverksamlingar i regi av Høgskulen i Innlandet. Fagnettverka er ein del av kompetansestrategien «Desentralisert kompetanseutviklingsmodell» og skal vere ei støtte til arbeidet med å lese, tolke, forstå og bruke læreplanane.

Sjukefråvær 2019	Korttids:	Langtids:
4,2%	1,2%	3 % *)

*) Langtidsfråværet er ikkje arbeidsplassrelatert.

Framtidige utfordringar

Skulen er plikta til å gjere elevane symjedyktige og sørge for at kompetansemåla for symjing og livredning vert nådde. Pr.dags dato har vi ikkje basseng som gjer at vi kan imøtekommne desse forventningane og kompetansemåla.

Romkapasiteten ved Vågåmo skule er sprengt, og dette er ekstra utfordrande når elevar skal nytte grupperom i samband med spesialundervisning. Vi har òg kapasitetsutfordringar knytt til møterom. Med mange samarbeidande instansar, slik som PPT, barnevern, habiliteringstjenesten og Statped, så klarar vi ikkje alltid å legge til rette for gode møtearenar.

Det vil til ei kvar tid vere behov for vikarar i skulen. Sjukefråvær, møteverksemd og lærarar på kurs og vidareutdanning gjer sitt til at behovet til tider kan vere svært høgt. Særleg var dette merkbart når alle lærarane deltok i fagnettverka i samband med ny læreplan. Vågåmo skule slit med å skaffe vikarar som kan stille på kort varsel, og det kan til tider vere store utfordringar med å få til ein tilfredsstillande skulekvardag.

Vågå ungdomsskule

Namn på leiar: Arnt Odnes (fungerande rektor)

Tal på årsverk: januar-juli 2019: 17,3 august-desember 2019: 18,3

	2017	2018	2019
Sjukefråvær	1,9%	4%	5,2%

Spesielle hendingar i 2019 verdt å nemne

Vår rektor vart konstituert som kommunalsjef, som førte til ein del rokkingar for oss på ungdomsskulen.

Framtidige utfordringar

Den viktigaste utfordringa vår er å ha gode nok økonomiske rammer for å kunne gje alle elevane våre ei opplæring tilpassa kvar enkelt sitt behov.

Ei anna utfordring er å få tak i folk som har den fagkompetansen skulen treng.

Kulturskulen

Namn på leiar: Anita Moe

Antall årsverk: 2,5

Spesielle hendingar i 2019 verdt å nemne.

I 2019 starta vi opp med samarbeid med Vågå ungdomsskule med å halde fire ulike kunstfaglege verkstader for 8. steget over 2 dagar. Verkstadene var teater, dans, band og trommer. Det vart gjennomført med stor suksess i 2019, og vi har vald å halde fram med dette.

I mai hadde kulturskulen eit stort felles eventyrprosjekt "Sesam, sesam..." for alle elevane på dei sceniske faga dans og teater. Dette resulterte i ei stor framsyning, som vart synt tre gongar.

Ungdomsteateret i kulturskulen vart i oktober invitert med på eit prosjekt saman med eit profesjonelt danseteater, Pantarei, som resulterte i ei utandørs framsyning på Vinstra. Det var spennande å få følgje dette arbeidet.

Vi har innleia samarbeid med Vågå songkor, Vågå kyrkja, Vågå spel og dansarlag og med vaksenkorpsa i kommunen. Ulike tiltak som vil gå over tid.

Vågå skulekorps har samarbeid med nabokommunane om dirigent, der kulturskulen er arbeidsgjevar.

Vi har hatt to teaterframsyningar på Vågå bibliotek, og fått testa og utfordra rom- og spelemogleheteit på biblioteket.

Rektor er i gang med vidareutdanning, 15 studiepoeng i kulturelt entreprenørskap ved Norges Musikkhøgskule. Spennande og lærerikt.

Framtidige utfordringar

Det vil bli utfordrande å leie kulturskulen inn i framtida, med så liten administrasjonsressurs og så mange oppgåver. Det tek tid å finne gode, nye samarbeidsmodellar og samarbeide med stadig fleire, drive utviklingsarbeid, leie ein skule og eit personale i tillegg til daglege oppgåver. Tida strekk ikkje til, sjølv når helgene blir tekne i bruk.

Ved utgangen av 2019 utgjer totale fond kr 76 mill. Disposisjonsfondet har auka med kr 6,4 mill. i 2019, og utgjer no kr 41,2 mill. Sum disposisjonsfond utgjer ved utgangen av 2019 ca. 11,7 % av sum driftsinntekter.



Arbeidskapital og likviditet

Endringa i arbeidskapitalen skal seie om kommunen si betalingsevne har forbetra eller forverra seg i løpet av året. Det krev likevel ei nærmare analyse av innhaldet i arbeidskapitalen for å kunne seie om den reelle betalingsevna har auka eller minka.

Likviditetsanalyse

	2019	2018	Endring
Omløpsmidlar	134 096	134 350	-254
Kortsiktig gjeld	-45 027	-43 600	-1 427
Arbeidskapital	89 069	90 750	-1 681
Ubrukte lånemidlar	-10 683	-9 932	-751
Bundne fond	-14 032	-23 178	9 146
Ubundne investeringsfond	-12 039	-12 039	-
Udisponert resultat investering	-	-	-
Arbeidskapitalens driftsdel	52 315	45 601	6 714
Korreksjonar:			
Premieavvik (ligg inne i OM)	-23 374	-18 746	-4 628
Arbeidskap. driftsdel korrigert	28 941	26 855	2 086

Arbeidskapitalen har i 2019 vorte redusert med kr 1,7 mill. Arbeidskapitalen som er fri til drifta har vorte styrka med ca. kr 6,7 mill. i 2019, og viser eit positivt beløp med kr 52,3 mill.

Det er viktig at ein ikkje lenger let premieavviket gå inn i drifta, men at dette i sin heilskap bør bli sett av til disposisjonsfond for at kommunen kan sikre sin betalingsevne av løpende forpliktingar. I økonomiplanen for 2019-2022 er det lagt opp til at premieavvik blir avsett til fond.

Konklusjon økonomi 2019

Eit positivt rekneskapsresultat gjev moglegheit for styrking av kommunen sine fondsreservar, noko som gjer kommunen meir robust for å kunne møte uføresette hendingar i framtida. Det er positivt at kommunen i 2019 har styrka disposisjonsfond, gjennom avsetjing av overskotet for 2018.

Politisk rapportering gjennom året syner at det har vore gjort gode budsjettjusteringar slik at dei fleste tenesteområda til slutt endar kring budsjettet rame, til tross for store utfordringar innan enkelte tenester. Det har etter budsjettjusteringsvedtaka vore stort mot eit resultat i balanse. Auke i statlege overføringer for november og desember gjer likevel at Vågå kommune endar med eit godt mindreforbruk. Dette kjem likevel fram gjennom handlingsregel 1 at kommunen ikkje oppfyller vedteke krav på korrigert netto driftsresultat. Med tanke på framtidige investeringar som helse og omsorgsprosjektet og ein eventuell ny symjehall, er det viktig å være merksam på at ein større del av budsjettet i framtida vil gå til renter og avdrag.

Ei anna utfordring er den jamne nedgangen i folketalet, som fører til reduserte overføringer frå Staten. Ved utgangen av 2019 er det 19 færre innbyggjarar enn året før, ein reduksjon på 0,5%.

Det er viktig at kommunen i åra framover sett av premieavviket på fond, og ikkje tek inntektene inn i drifta. Premieavvik pensjon utgjer pr. 31.12.2019 kr 23,4 mill. Dette er kr. 4,6 mill. meir enn i 2018. Premieavviket utgjer forskjellen mellom betalt pensjonspremie og kostnadsført pensjonskostnad. Kommunen bør ha disposisjonsfond som samla minst overstig netto premieavvik. Disposisjonsfond utgjer pr. 31.12.2019 kr 41,2 mill., der disposisjonsfond pensjonsmidlar utgjer 22,6 mill. kroner.

Resultatet i 2019 sett i samanheng med vedteken økonomiplan for 2019-2022 syner at kommunen går ei utfordrande tid i møte, der omstilling og tilpassing vil være viktige grep for å halde seg innanfor den økonomiske rama. Ein del av omstillingsarbeidet er godt i gang, mellom anna er budsjetttramane for 2020 er vedteke med bakgrunn i utfordringane skissert gjennom heile 2019. Det har vore stor vridning av midlar mellom tenesteområda i eit forsøk på å sikre at alle tenestene har realistiske budsjetttramar som kan haldast.

Finansrapport 2019


Innleiing

Nytt finansreglement vart vedteke 25.10.2016 i kommunestyresak 59/16. Kapittel 7 i reglement gjev føringar for rapportering gjennom året (tertial) og i årsmeldingane.

Vågå kommune har vald ein låg risikoprofil, det vil si at plasseringar er gjort i bankinnskot. Vågå kommune har pr. 31.12.2019 sine plasseringar i bankinnskot med rentevilkår 3 månaders NIBOR +1,08% påslag. Bankplasseringane er i Sparebank 1 Lom og Skjåk.

Plasseringar i bank, rentepapir eller rentefond

Likviditetsutvikling



Figuren viser likviditetsutviklinga gjennom heile 2019. Innbetaling av skatt og rammetilskot og utbetaling av løn forklarar dei fleste svingingane. Utviklinga i 2020 er forventa å vere om lag som i 2019.

Plassering/formål	Beløp
Bankinnskot pr. 31.12.2019	82.522.953
Av dette utgjer bundne middel:	
Bundne driftsfond	14.031.601

Bundne investeringsfond	8.703.686
Ubrukte lønemiddel	10.682.509

Det var ved utgangen av 2019 ingen plassering i fond.

Risikospreiing

Vågå kommune har ved utgangen av 2019 alle sine innskot i same bank. Det vurderast løpende om innskotta skulle vore spredd for å minske risikoen.

Gjeldsforvaltning

Samansetjing og vilkår for lån pr. 31.12.2019.

Rentetilknyting	Beløp	Del av lønemasse
P.t.-rente	215.038.776	62,5%
NIBOR-tilknytt rente	46.565.072	14,8%
Fastrente	78.239.572	22,7%
Samla	344.045.406	100%

Den største lønegjevaren er Kommunalbanken, med sin del av den totale gjelta på vel 66%.

I samsvar med kommunens finansreglement skal minimum 20% av låna vere bundne til fastrente. På nåverande tidspunkt utgjer fastrentedelen 22,7% av lønemassen.

Av tala i tabellen over er kr 38,7 mill. innlån til vidareformidling (startlån mm), alt med p.t. rente.

Opptak av nye lån og refinansiering av lån i 2019

Nye låneopptak er som følger:

Type	Vedtak	Storleik	Kommentar
Ordinært låneopptak, investering	KS 24/19	8.610.000	
Startlån til vidareutlån	KS 70/18	3.000.000	
Totalt		11.610.000	

Avvik

Det har ikkje vore avvik frå reglementet i 2019.

Vedlegg 2: Tenesteomtaler

Tenesteområder underlagt kommunedirektøren

Namn på leiar: Jan Egil Fossmo - kommunedirektør

Fellestenester

Namn på leiar: Jan Egil Fossmo, kommunedirektør

Talet på årsverk: 9,5

Tenester og oppgåver som skal utførast

Fellestenester inngår f.o.m 2019 i støtte/stab for rådmannsleininga og tilsette er direkte underlagt kommunedirektøren. Leiar av fellestenester gjekk av med pensjon sommaren 2019 og er ikkje erstatta.

Fellestenester er organisert slik:

- Servicetorget/politisk sekretariat/arkiv (3 årsverk)
- Informasjonsmedarbeidar (0,6 årsverk)
- IT-medarbeidar (1 årsverk)
- Fakturering/rekneskap (1 årsverk herav 0,5 årsverk knytt til teknisk)
- Controller (1 årsverk)*
- Økonomisjef (1 årsverk)
- Lønsmedarbeidar/ansvarleg (1 årsverk)
- Personalmedarbeidar (1 årsverk).

* Controller har i tillegg ansvaret for eigedomsskatteprosjektet som varer til juni 2020.

Følgjande arbeidsoppgåver vil framleis vere sentrale:

Servicetorg/arkiv/politisk sekretariat:

Sentralbord, skranketenester, skanning/fordeling (inn-/utgående post/fakturaer), handsame søknader om skjenkeløyver (ambulerande og faste), startlån, arkivansvar, politisk sekretariat, oppfølging/opplæring/systemansvar for saksbehandlarsystemet, kontakt landbruksvikar.

Informasjonsarbeid

Profilering og omdømebygging av kommunen. Vere til stades gjennom elektronisk kommunikasjon, både via heimeside og i sosiale medium. Informasjonsmedarbeidaren arbeider i tillegg som varabrannsjef i 0,4 årsverk.

IT-arbeid

Regiondata har overteke driftsansvaret for felles serverpark i 6K (norddalskommunane). IT-medarbeidarane i 6K har godt samarbeid og det er inngått avtale om felles vaktrutinar. Lokalt har medarbeidar ansvar for innkjøp, oppdatering og vedlikehald av maskinpark, nye og gamle programvarer m.m. Det vil i tillegg bli sett på eit utvida IT-samarbeid med Sel i løpet av 2020.

Rekneskap/fakturering/løn/personal

Rekneskapsoppfølging, budsjett, årsavslutning, støtte-/rettleiarfunksjon for tenesteleiarar i rekneskap-, løns- og personalspørsmål, HMS-koordinator, nærværarbeid, lærlingkontakt, bistand lønsforhandlingar, legatrekneskap, lønskjøring med for- og etterarbeid samt oppfølging elektroniske sjukemeldingar og NAV-refusjon. Systemansvar for programvarer knytt til rekneskap, løn og fakturering.

Framtidige utfordringar

Dei tilsette vil halde fram med å yte støtte-/stabtenester og vil med det bistå både innbyggjarane og øvrige delar av den kommunale organisasjonen.

Det vil i økonomiplanperioden framleis vere stort behov for å sjå på samarbeidsområde og om mogleg inngå samarbeidsavtaler med nabokommunar for å kunne oppretthalde gode tenester med høg kvalitet og redusere sårbarheit.

Tildelingskontor

Namn på leiar: Jan Egil Fossmo, kommunedirektør

Talet på årsverk: 1,7

Tenester og oppgåver som skal utførast

Tildelingskontoret er underlagt kommunedirektøren sin stab og det er for 2019 vore budsjettet med 1,4 årsverk. Det har i store deler av 2019 vore auka ressurs til 1,9 årsverk. Bakgrunn for dette er at saksbehandlarar har hatt tilleggsoppgåver som følgje av vakanse i rådmannsleinga.

Tildelingskontoret (TK) si hovudoppgåve er å behandle saker om helse- og omsorgstenester i Vågå kommune. TK behandlar alle saker etter loven som til dømes opphold i kommunal institusjon (herunder NGLMS Otta), heimetenester, velferdsteknologiske hjelpemiddel, omsorgsbustad, omsorgsstønad, støttekontakt, avlastningstiltak, praktisk og personlig assistanse. TK er i tillegg ansvarlig for tildeling av transportteneste (TT) og ledsagerbevis.

«Koordinerande eining for habilitering- og rehabilitering» er underlagt Tildelingskontoret og er ein lovpålagt funksjon.

Koordinerande eining skal bidra til å sikre heilskaplig tilbod til pasientar og brukarar med behov for sosial, psykososial eller medisinsk habilitering og rehabilitering. Det er laga retningsliner for oppretting av ansvarsgruppe med Individuell plan. I frå 01.01.19 er det innført 7 ulike pakkeforløp innan psykisk helsevern og rus, og pakkeforløp for behandling og rehabilitering av hjerneslag. (Koordinerande eining er forløpskoordinator i kommunen i samarbeid med andre tenester.)

Representant frå Tildelingskontoret/koordinerande eining er deltakar i samhandlingsforum for rehabilitering med sjukehuset Innlandet, KS og kommuner i Oppland og Hedmark. Innan rehabiliteringsområdet skjer det store endringar som følgje av samhandlingsreformen og Opptrappingsplan for rehabilitering og habilitering, der oppgåver blir overført frå Spesialisthelsenesten til kommunen.

TK har ansvar for oppgåvene som følgjer av samhandlingsreformen og har ansvar for utskrivingsklare pasientar.

Skatteoppkrevjarkontor

Namn på leiari: Svein Morten Haverstad

Talet på årsverk: 4

Tenester og oppgåver som skal utførast

Vågå kommune er vertskommune for interkommunalt samarbeid på skatteoppkrevjarområde (Dovre, Lom, Skjåk, Vågå og Sel) og på arbeidsgjevarkontrollområde (heile 6K). Område har og ansvaret for innkrevjing av kommunale krav for Vågå og Sel. Sel kommune har sagt opp denne avtala, slik at samarbeidet på kommunal innfordring avsluttast seinast i april 2020.

Frå 01.06.2020 vert skatteoppkrevjafunksjonen underlagt Staten, og er ikkje lenger ei kommunal oppgåve (sjå kapittel 8.1.1 i økonomiplandokumentet). Forslaget i statsbudsjettet legg ikkje opp til vidareføring av kontor i Vågå, men det er lagt opp til 2 stillingar ved skattekontoret på Otta. Det er uvisst kva slags arbeidsoppgåver som eventuelt blir lagt dit.

Med bakgrunn i usikkerheita om kva for eit skattekontor som skal utføre oppgåvene etter statleggjering, er det vanskeleg å seie noko om resultatkrava for neste år.

Innkjøpskontor

Namn på leiari: Erik Lindseth

Talet på årsverk: 2

Tenester og oppgåver som skal utførast

Innkjøpskontorets har ansvar for å halde ein fast portefølje av regionale avtalar og bistå kommunane i å ta desse i bruk på ein god måte. Portefølja har i dag 38 avtaler, og heile 15 av desse må reetablerast i 2020.

Innkjøpskontoret vil fremleis støtte innkjøpsansvarlege i kommunane og Regiondata med gjennomføring av anskaffingar og leverandørroppfølging. Bidrag varierer frå juridisk rettleiing til å gjennomføra konkurransa. Totalt forventar vi årleg å yte støtte i 30-35 sakar.

Kontoret vil delta på leiarmøter, næringspubar, frukostmøter og politiske møte ved behov. I 2019 har vi erfart at lokale leverandører tek kontakt for rettleiing og bistand i korleis dei kan delta i konkurransar som vi eller andre offentlege aktørar held. Ein kan forvente at slik dialog vil auke i åra framover.

Det skal vedtakast ein felles innkjøpspolitikk og strategi for kommunane. Ut frå denne skal det utarbeidast eit rettleiar for innkjøp som vil bidra til auka konkurransedeltaking frå lokalt næringsliv og at vi som innkjøpar støttar eit seriøst arbeidsliv med minst mogleg miljøpåverknad.

Framtidige utfordringar

I etableringa av innkjøpskontoret vart det valt ein modell kor man ynskte å gjera meir i egenregi, men framleis få støtte frå eksterne ressursar for å handtere mengda. Det vil være utfordrande å finne balansa korleis innkjøpskontoret skal bistå kommunane best, og kva som skal settast ut til eksterne konsulentar.

Ei nær utfordring er at i 2020 må 15 regionale avtalar reetablerast for å halde avtalenivået. Ei realistisk årleg mengde vil variere med anskaffelsenes kompleksitet, men bør ikkje være høgare enn 8-10 anskaffelser årleg for å halde god kvalitet. For mange prosjektar vil og redusere mogleheten til å bidra i anskaffelser utover fast portefølje eller støtte kommunenes i egne anskaffelser. I 2021 vil det væra færre regionale anskaffelser og større moglehet til å bistå kommunane.

Kultur - kulturkontor

Namn på leiar: Stein Holen

Talet på årsverk: 8

Tenester og oppgåver som skal utførast

Hovudformålet med tenesta er å tilby innbyggjarane eit breitt spekter av kultur-, opplevings- og fritidstilbod i regi av kommunen, statsinstitusjonar og lokale lag. Gode prosjekt og arrangement til skulane gjennom «Den kulturelle skulesekken» og for dei eldre gjennom «Den kulturelle spaserstokken». Spaserstokken i eit samarbeid med råd for eldre og funksjonshemma, Vågåheimen og Frivilligentralen.

Tenestområdet har og som mål å vidareutvikle Vågå som ein treffstad med kulturtilbod som basis.

Det vil derfor i åra som kjem bli ei viktig oppgåve å hjelpe og å legge til rette for lag/foreiningar og enkeltpersonar som ynskjer å arrangere noko innanfor vår kommune.

Det er og eit prioritert mål å legge til rette for eit rikt lokalt aktivitetsnivå i regi av lag og organisasjonar.

Innbyggjarane i Vågå skal få tilbod om konserter med populære artistar, lokale produksjonar og utøvarar samt konserter med framande kulturuttrykk.

Vågå kino har film for både barn og vaksne ein gong i veka.

Kulturkontoret vil hjelpe til aktivt der det trengs i prosjekt som Ullinsvin, Munch, Handverk+, Vågå-Dågå, Jul i Vågå, Sommar i Vågå m.m.

Framtidige utfordringar

- Vågåhallen og Vågå kulturhus får meir og meir slitasjeskader.
- Vågå kommune slit med å skaffe konserter av høg kvalitet pga auka kostnader og honorar.

Kultur - Ungdomsmedarbeidar

Tenester og oppgåver som skal utførast

- Halde i gang ein aktiv ungdomsklubb og UngdomsFritidsOrdning(UFO)
- Gje elevane på ungdomskulen MOT-undervisning
- Vidareføre Los-programmet «Tettare på Ungdommen»
- Drive rusførebyggjande arbeid blant dei unge
- Vidareføre barne- og ungdomsarrangement/aktivitetar
- Bidra til å auke glede og forståing av friluftsliv blant dei unge
- Sekretær i Vågå Ungdomsråd. Ansvar for innkalling til møte, referatskriving og rettleiing
- Vera dei unge sin kontaktperson i kommunen
- Vera kommunen sin kontaktperson for Natteramngruppa
- Ivaretaking av dei unge sine rettar i råd og utval

Framtidige utfordringar

- Ivareta eit sunt oppvekstmiljø i Vågå
- Bidra til å skape robust ungdom som tør å ta eigne val
- Drive aktivt førebyggjande rusarbeid
- Auke gleda og forståing for friluftslivet, noko som er ein viktig faktor for at ungdommen kjem attende og busett seg i bygda etter endt utdanning

Kultur - flyktningkontor

Tenester og oppgåver som skal utførast

Flyktningkontoret (FK) skal vere kommunen sitt bindeledd til eksterne samarbeidspartnalar som UDI, IMDI, NAV m.m. i busetjings- og integreringsarbeidet. FK skal ha ei fagleg rettleiande og koordinerande rolle i samarbeidet med andre kommunale tenesteområde, kulturelle lag/organisasjonar m.m. FK skal bidra til at busette flyktningar kan få same tenester same stad som den øvrige befolkninga.

Flyktningkontoret har to 100% stillingar (50% prosjekt). Flyktningtenesta/Vaksenopplæringa har ei utfordring i høve kravet om heilårleg Introduksjonsprogram. Heilårleg introduksjonsprogram speglar ordinært arbeidsliv i høve arbeidstid og ferie. FK og Vaksenopplæringa er kjende med tilsynsmyndigheita (Fylkesmann) sine krav på området.

Kommunen har busett flyktningar årleg sidan tusenårrskiftet. Busettinga har definitivt vore med å oppretthaldt folketal og dermed det økonomiske grunnlaget for nivået på kommunal tenesteyting. Busettingsarbeidet har vorte ein del av mange kommunale tenester, og vi har etter kvart eit godt fungerande samarbeid med dei fleste kommunale tenestene, og delar av privat organisasjons- og kulturliv.

Dei flyktningane som blir busette gjennom familiegjenforeining er ikkje medrekna i busettingsavtala med IMDI (det vil seie; dei kjem i tillegg til talet busette iht. politisk vedtak).

Flyktningkontoret har ansvaret for språkpraksisopplegget og for 5 veker med introprogram.

Framtidige utfordringar

- Skaffe bustadar som er tilpassa storleiken på dei familiene som kjem
- Finne språkpraksisplassar

Pågåande prosjekt

Ullinsvin

Masterplanen for Ullinsvin vart vedteke i Vågå kommunestyre i 2017 og oppfølgt med eigen prosjektleiar i 3-årig stilling frå januar 2018 med 50 % medfinansiering frå Oppland fylkeskommune. Galleri Ullinsvin vart offisielt opna i september 2019. Hovudformålet for 2020 vil vere å arbeide vidare med å skape innhald i Ullinsvin som er i tråd med intensjonane i masterplanen og å få på plass ein bærekraftig driftsmodell i samarbeid med aktørane på staden.

Munch i Vågå

Samarbeidsprosjektet Munch- Den nordlige rute er vidareført som hovudprosjekt med 3-årig økonomisk støtte frå Innovasjon Norge, regionråd og kommunar i hhv. Vågå og Løten. Fokus er å skape eit sterkare, meir profesjonelt og heilheitleg tilbod på Munch-reisa nord for Oslo.

For 2020 vil det lokalt for Vågå vere fokus på vidareutvikling av lokale Munch-produkt, sterkare forankring hjå lokalt næringsliv og blant lokale barn og unge og vidareføring av den årlege Munch-dagen.

Kultur - Folkehelsearbeid

Tenester og oppgåver som skal utførast

Folkehelsearbeidet skal ta vare på innbyggjarane si helse og trivsel, førebyggje psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning, samt arbeide for ei jamnare fordeling av faktorar som direkte eller indirekte påverkar helsa. Særleg oppmerksame skal vi vera på utviklingstrekk som kan skape eller oppretthalde sosiale helseforskjellar. Folkehelsearbeidet skal legge til rette for alle grupper i samfunnet ; barn og unge, familiar, personar som treng ei livsstilsendring, personar med funksjonsnedsetting og innan psykisk

helse og eldre. Det å legge til rette for lågterskeltilbod og ulike frisklivsaktivitetar for alle grupper blir viktig. Tiltak som kan nemnast, er den kulturelle spaserstokken for eldre, Aktiv sommarferie, ordninga med utstyrssentral på biblioteket, Vågå som Trygt lokalsamfunn og andre aktivitetsdagar t.d i Dompe. Også frisklivssamlingar, tilrettelegging for anlegg innan idrett og spelemiddel og drifting av 13 turpostkasser rundt omkring i heile Vågå er viktige tiltak.

Kultur - Frivilligsentral

Tenester og oppgåver som skal utførast

Pr.1.10.2019 : 99 frivillige har lagt ned 3937 frivillige timer som er organisert gjennom frivilligsentralen. I tillegg er det 3000 frivillige timer på bruktbukkene Ting & Tøy.

Det er kjørt ut 3331 middager, matkjørarane leverer også ut strøsand til eldre og uføre i vinterhalvåret.

Oppretthalde tenester som er utført av frivillige, som f. eks :

Aktivitetsdag(kvar veke)
Arbeidstugu Vågåheimen (kvar veke)
Bakedag med elevar frå VO (før jul)
Bingo Vågåheimen (kvar veke)
Blomsterdamer VH (kvar veke), plantestell Sansehagen (sommar)
Bøy og Tøy, sittegym for eldre seniorar (kvar veke)
Gågruppe, ansvar for gågruppe (kvar veke)
Internasjonal håndarbeidskafe (annakvar veke)
Kjøken måndag (kvar veke)
Kjøken/kafe (tysdag/ fredag kvar veke) drifta av 9 lag og foreiningar
Matombringing (kvar dag)
Kjøre ut strøsand til eldre og funksjonshemma (vinter)
Sang/ mat (annakvar veke)
Skravlegruppe / språktrening med elevar frå VO (kvar veke)
Steinsliping (2 dagar i veka)
Sykkelpilotar på richawsykkel (sommarhalvåret)
Vask håndklede etc
Vevstugu/ sydame (2 dagar i veka)
Kurs for frivillige som for eksempel 65+ , livredningskurs

Framtidige utfordringar

- Rekruttere nye frivillige ved behov.

Kultur - Bibliotek

Tenester og oppgåver som skal utførast

Bibliotektenesta skal fremje opplysning, utdanning og kulturell verksemeld gjennom service og informasjonsformidling, og ved å stille bøker og andre medium til disposisjon for brukarane.

Kwart enkelt bibliotek skal i sine tilbod legge vekt på kvalitet, mangfald og aktualitet.

Biblioteket skal drive eit utstrakt samarbeid med grunnskulen og vaksenopplæringa, regulert ved inngåtte avtaler.

Framtidige utfordringar

Vågå bibliotek har ei stor utfordring når det gjeld storleik på lokal med tanke på å få bruk biblioteket til ein møteplass og arrangementstad for debattar, forfattarbesøk m.m.

Ei anna utfordring er å vidareutvikle arrangement som sommar- og vinterles, N-games, forfattarbesøk, lesesirklar, bokleik, språkgruppe og ikkje minst siste tilbodet, utleigesentral for tur- og aktivitetstilbod.

NAV kontor

Namn på leiar: Magnhild Vole

Talet på årsverk: 3,1

NAV Vågå driv nå berre med lovpålagte oppgåver. Det vil si at vi yter tenester etter Lov om sosiale tenester i NAV, i tillegg har vi ansvar for bustøtte.

Framtidige utfordringar

NAV Vågå ynskjer å oppretthalde det gode tenestetilbodet vi har. Vi har sidan starten i 2006 vore eit kontor prega av stabile tilsette og låge kostnader, samanlikna med mange andre kontor.

Vi er stadig under press på leveranse og gevinstrealisering. Dette gjeld både på kommunal og statleg side. Vi er derfor bekymra for at stadige kutt i det kommunale og statlege tenestetilbodet vil føre på auka arbeidsbelastning for oss på NAV. Vi blir det siste sikkerheitsnettet for dei som har behov for oppfølging.

Tenesteområder underlagt kommunalsjef barnehage og utdanning

Namn på leiar: Helen Øygarden - kommunalsjef

Kulturskule

Tenester og oppgåver som skal utførast

Hovudformålet med tenesta er å gi opplæring av høg fagleg og pedagogisk kvalitet til alle barn og unge som ønskjer det. Formålet med opplæringa er å lære, oppleva, skape og formidle kunstnarlege uttrykk. Kulturskulen er ein sentral del av den samanhengjande utdanningslina som kan kvalifisere elevar med særskild interesse og motivasjon til opptak i høgare kunstfagleg utdanning. Opplæringa skal bidra til barn og unge si danning, fremme respekt for andre sin kulturelle bakgrunn, bevisstgjere eigen identitet, bli kritisk reflekterande og utvikle eigen livskompetanse. Kulturskulen skal bidra til å styrke elevane si estetiske, sosiale og kulturelle kompetanse.

Kulturskulen har undervisning i både breiddeprogram og kjerneprogram. Breiddeprogramma blir gjevne i samarbeid med skule, barnehage og voksenopplæring. Kulturskulen gjev og tilbod til 1. og 2. årssteg på karusell. Eit år blir delt inn i fire stasjonar: visuell kunst, teater, dans og musikk, og elevane veksler på desse stasjonane. Dette er og eit breiddeprogram. Spesialprogramma er innanfor ulike instrument og musikkgenre, teater og dans.

Kulturskulen er i dialog med lag og foreiningar for å finne gode formar og tiltak for samarbeid. Dette vil bli artikulert og arbeidd med i kulturskuleplanen som skal opp til ny politisk handsaming i 2020.

Sidan hausten 2018 har kulturskulen arbeidd meir med gruppeundervisning enn tidlegare der det er mogleg og hensiktsmessig, for å bidra til at fleire elevar får ta del i opplæringa.

Kulturskulen ønskjer å bli gode på samhandling og samarbeid i planperioden, og har planar om eit større Munch-prosjekt i samarbeid med Galleri Ullinsvin, eksterne kunstnarar og eventuelt skule samt lag/foreiningar.

Kulturskulen søker og nye samarbeidspartar som Vågå bibliotek og Vågåkyrkja.

Framtidige utfordringar

Ei av utfordringane vi står framfor i framtida er lokale. Tilhøva for lærarar og elevar i kulturskulen er langt frå praktiske, tidsriktige og i tilfredsstillande stand. Undervisninga er spreidd, vi er aldri samla, mange av romma er kalde, små og dårlig utstyrt.

I framtida kan kulturskulen og få merke lågare söking og færre elevar som ein konsekvens av synkande barnetal, her som i mange andre kulturskular. Det er viktig at vi likevel er i stand til å levere gode og tidsriktige tenester og at det ikkje blir fira på kvalitet. Det er og viktig i Vågå at ikkje foreldrebetalinga blir vesentleg høgare enn i dag. Det vil berre føre til at fleire heimar ikkje kan la ungane sine ta del i opplæringa.

Voksenopplæring

Vi er ei lita og beskjeden teneste som har lege på omrent same nivå når det gjeld kostnader dei siste åra. Det er ingenting som tyder på at det vil bli ytterlegare kostnadsbehov dei neste åra, snarare tvert i mot, sidan det blir færre flyktingar både i Vågå og i Voksenopplæringa.

Tenester og oppgåver som skal utførast

Vår oppgåve er å gje forvarleg og tilpassa undervisning i norsk og samfunnskunnskap til busette flyktningar. Sjølv om vi per d.d. er under halvparten av det antalet som var her for nokre år sidan, krevst det likevel differensiert opplæring. Somme kjem hit med høgare utdanning frå universitet, medan andre har ingen eller berre nokre få år med skule.

Uansett er kravet at alle skal blispråkleg sjølvstendige i løpet av dei to til tre åra dei er elevar her.

Framtidige utfordringar

Den største utfordinga vår er usikkerheit om framtida: Vil det kome fleire flyktningar til Vågå?

Og får vi halde fram med å ha ei sjølvstendig vaksenopplæring i Vågå.

Lalm barnehage

Namn på leiar: Siv Kristin Paulsen

Talet på årsverk: 5,5

Tenester og oppgåver som skal utførast

Denne perioden skal vi drive ein barnehage etter lovverket der vi m.a. skal halde oss innanfor bemanningsnormen: ein pedagog per 14.barn. Tek vi inn eitt barn til så det blir 15 barn, utløyser det ein pedagog i 100% stilling. Det skal vera 3 vaksne på 18 barn

Aktivitetsnivået skal vera høgt og vi skal ha fagleg påfyll denne perioden også. Det betyr tilsette på kurs og etterutdanning.

Framtidige utfordringar

Vi har det veldig bra i Lalm barnehage, men vi har eit ynskje om å oppgradere uteområdet vårt. Det er ikkje så mange leikeapparat for dei minste. Vi kunne tenkt oss 1 -2 leikeapparat. Dette kostar ein del, kanskje 200'. De minste har ikkje vore prioritert dei siste åra når ein har planlagt nye investeringar ute. Det er også ynskje om eiga lagringsplass for barnebagen sin uteleiker. I dag deler vi lagerrom med skulen, og det er ein del utfordringar kring det, mellom anna hærverk på barnehagen sine leiker.

Færre barnefødslar på Lalm.

Stellerommet må utbetrast i denne perioden. Vi har ikkje elektrisk benk , og av den grunn blir det mange unødvendige løft når vi skifter bleier. Fokuset må vera førebygging. Det står ein elektrisk benk både i Sjårdalen og på Tessand som vi kan bruke.

Søre grindstugu barnehage

Namn på leiar: Jorunn Linderud

Talet på årsverk: 14,4

Tenester og oppgåver som skal utførast

Vi skal ta imot barn som ynskjer barnehageplass og oppfylle krava i barnehageloven både med tanke på opptak av barn, bemanning- og pedagognorm og vedtekten til Vågå kommune. Det vil si at vi tek inn barn fleire gonger i året om det er plass, for areal har vi nok av. Dette er ei utfordring, da dette er noko som er vanskeleg å ta høgde for i budsjettarbeidet. Budsjettet blir lagt om hausten, fristen for å søke barnehageplass er 1.mars året etter, så det seier seg sjølv at dette er utfordrande.

Framtidige utfordringar

Utfordringar framover er arbeidsplassar til pedagogane. Slik det er i dag har dei plassar på pauserom og møterom.

Uteleikeplassen vår/ leikeområde til dei minste må det gjerast noko med. Her er det ynskjeleg med meir plen, slik at blir godt å gå og krabbe for dei aller minste. Haugen vår må stellast/fyllast opp med matjord og såast i.

Elles er Søre Huset ei utfordring , det har det vore nå i fleire år, og her må noko gjerast snart. Både piper og takstein er gamle og konsekvensane om noko kjem rasande ned frå taket kan bli fatale. Det beste hadde vore om huset hadde vorte fjerna frå området slik at vi kunne fått eit større og meir oversikteleg uteområde.

Nærverksarbeid er viktig for å halde folk i arbeid, skape stabilitet og arbeidsglede, og ikkje minst slik at vi kan halde kostnadane nede, for fråvær kostar. Dette har vi fokus på, og har ei «friskisgruppe» (Lalm- og Søre Grindstugu barnehage saman) som består av tillitsvalde, verneomboda og leiarar som møtest regelmessig og diskuterer ulike utfordringar i lag og saman legg til rette for gode arbeidsmiljø.

Med færre fødde barn i Vågå blir det ei utfordring å fylle dei fire barnehagane som vi har i kommunen. Vi har klart oss utan oppseing til nå på grunn av naturleg avgang, og at fleire små søker seg inn i barnehagane. Dette gjer sitt til at vi sjeldan har ledige stillingar å lyse ut.

På grunn av moderasjonsordningar som er bestemt sentralt, så blir det mindre inntekt til kommunen gjennom foreldrebetaling.

Det er varsle endringar i barnehageloven (ute på høyring nå) om innføring av lovreglar for psykososialt barnehagemiljø og aktivitetsplikt med meir. Heldigvis har vi teke høgde for dette i planen vår «*Handlingsplan mot mobbing og krenkande åtferd i barnehage og skule i Vågå*», men det vil likevel tydeleggjere ansvaret vårt enda meir. Det vil også gjeva kommunen som barnehagemyndigkeit ny oppgåve.

Lalm skule

Namn på leiar: Tor Even Vågheim

Talet på årsverk: 7,97

Lalm skule er ein fådelts 1.-7.skule med 53 elevar. Bemanningsa består av ein tenesteleiar med 100% administrasjon, 7 lærarar i til saman 5,83 årsverk og 1 assistent i 0,94 årsverk. I tillegg har vi merkantil hjelp i 20% stilling.

Det blir gjeve tilbod om leksehjelp med pedagogar to gonger i veka på 3.-7.steg.

Kjenneteikn Lalm skule:

- Ein trygg skule for alle.
- Læring for alle elevar på deira nivå
- Nært samarbeid med heimane
- Felles praksis og ønske om læring og utvikling i personalet

Tenester og oppgåver som skal utførast

Læring på Lalm

I alt vi gjer, ligg eleven sin trivsel i botn.

- Vi skal fremje helsa, trivselen og læringa til elevane
- Vi skal fange opp og hjelpe dei som treng det tidleg.

Fagfornyinga

Lalm skule er i gang med arbeidet med fagfornyinga. Lærarane er på ulike nettverksamlingar etter kva for fag dei skal fordjupe seg i. Faga dei arbeider med er norsk, matematikk, engelsk og kunst og handverk. Det er oppretta faggrupper i dei ulike faga. Alle fellesmøte vert nytt fram til jul. Vi samarbeider med Vågåmo skule.

Lalm skule arbeider og med motivasjon for læring, med læringspartnar. Dette ser vi går godt inn i arbeidet med fagfornyinga.

Kollektiv kompetanseutvikling

På Lalm skal alle lære av kvarandre, og vi arbeider mot same mål.

Kjenneteikn på tid vi brukar saman skal vere:

- Felles retning på arbeidet
- Gjensidig støtte og tillit mellom lærarar
- Arbeide for å forbetre læring og utvikling hjå elevane
- Fokus på lærarane si vekst

Tverrfaglig arbeid

Her har vi to tverrfaglege undervisningsopplegg som nyttar fleire læringsarenaer knytt opp mot lokal historie og tradisjon.

- «Spor i stein», kor vi blir kjend med historia kring kvernsteindrifta i Kvennberget på Lalm

- «Med reinen som læremeister», tverrfagleg undervisningsopplegg med utgangspunkt i reinen. Her samarbeider vi med lokale bedrifter i Vågå, Sel, Lom og Skjåk. Vi er mellom anna med Vågå tamreinlag på reinsslakting og besøker Nortura

Korpsopplæring

I samarbeid med Kulturskulen driv vi korpsopplæring på 3.steg. Denne musikkundervisninga dekkjer mange av kompetansemål i Kunnskapsløftet. Vi håpar øg at dette vil føre til rekryttering til korpsmiljøet i Vågå kommune.

Forpliktande samarbeid heim-skule:

Foreldreskule for dei kommande fyrsteklassesforeldra. Dette sikrar god informasjonsflyt og legg grøbotn for eit godt samarbeid mellom heim og skule. Dessutan er dette starten på etablering av eit foreldrenettverk på kvart klassesteg.

Framtidige utfordringar

Som fådelt skule set det ekstra krav til oss når det gjeld å tenke organisering på tvers av trinn. Elevane sitt læringsmiljø blir rikare om vi lykkast godt med samarbeid på tvers av trinn. Det same gjeld arbeidet med grunnleggande ferdigheter og fagleg kompetanseutvikling hjå den enkelte elev.

Det er ofte vanskeleg å få tak i kvalifiserte lærarvikarar.

Måltal

Indikator og nøkkeltall	2014–15	2015–16	2016–17	2017–18	2018–19
Årsverk for undervisningspersonale >	5,6	5,6	7,3	7,4	7,4
Antall elever per årsverk til undervisning	11,0	10,8	9,1	8,9	7,5
Antall assistentårsverk i undervisningen	2	2	2	1	1
Antall elever per assistentårsverk i undervisningen	37,0	35,6	39,9	45,9	41,3
Antall assistentårsverk per hundre lærerårsverk	28,9	28,7	21,7	18,1	16,9
Lærertetthet 1.–7. trinn	11,5	11,3	9,3	9,1	7,8
Lærertetthet 8.–10. trinn	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Lærertetthet i ordinær undervisning	12,5	12,5	10,3	10,1	8,6
Lærertetthet i ordinær undervisning 1.–4. trinn					10,4
Lærertetthet i ordinær undervisning 5.–7. trinn					6,8
Lærertetthet i ordinær undervisning 8.–10. trinn					0,0
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Lærertimer som gis til undervisning	4 023	3 914	5 163	5 163	5 163
Undervisningstimer totalt per elev	67	69	82	83	99

Lalm skule, Grunnskole, Undervisningspersonell, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Indikator og nøkkeltall	2014–15	2015–16	2016–17	2017–18	2018–19
Talet på elevar	60	57	63	62	52
Talet på lærarar med kontaktlærarfunksjon	4	4	6	6	7
Talet på lærarar	7	7	8	8	8

Lalm skule, Grunnskole, Elevar, lærarar, skolar, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Vågåmo skule

Namn på leiar: Dag Nyøygard

Talet på årsverk: 35,8

Vågåmo skule er ein 1.-7.skule med 236 elevar. Vi er 41 tilsette ved skulen.

Bemanninga består av skuleleiing med 190 % administrasjon, 25 lærarar i til saman 23,5 årsverk, og 13 assistenter i 9,7 årsverk. I tillegg har vi merkantil medarbeidar i 70 % stilling.

Kjenneteikn Vågåmo skule:

- **Ein trygg skule** for alle, jfr. paragraf 9a i opplæringslova
- **Læring for alle** elevar på deira nivå
- **Nært samarbeid med heimane**
- **Fellesskapspraksis i personalet**

Vågåmo skule har ved oppstart skuleåret 2019-2020 238 elevar fordelt på sju steg. Talet elevar på årsstega varierer frå 20-39 elevar. Vi har to lærarar med ansvar for grunnleggjande norsk for minoritetsspråklege og to tospråklege assistenter. Skulen har tilbod om SFO kvar ettermiddag og heil dag onsdag. 1. og 2. steg går fire dagar, 3.-7. steg går kvar dag. Skulen har også tilbod om leksearbeid med pedagogar og assistenter to gonger i veka per steg på 3.-7. steg.

Tenester og oppgåver som skal utførast

FAGFORNYINGA

Frå august 2020 startar vi opp skuleåret med nye læreplanar. Målet med dei nye læreplanane er at elevane skal oppleve læringa som relevant for sitt liv. Samfunnet og arbeidslivet endrar seg med ny teknologi, ny kunnskap og nye utfordringar. Vi treng barn

og unge som reflekterer, er kritiske, utforskande og kreative.

Dette medfører eit omfattande arbeid for det pedagogiske personalet i Vågåskulen. I løpet av året deltek alle lærarane på tre fagnettverk. Tema for desse samlingane er kjernelementa, kompetanseomål og tverrfaglegheit. Mellom desse samlingane er det mellomarbeid som sikrar både individuell og kollektiv læring. Vågåmo skule skal vere klare for å undervise i dei nye læreplanane frå august 2020.

Erfaringsdeling

Vi legg til rette for større grad av deling. Det betyr at lærarar nå skal dele god undervisningspraksis med kvarandre både på team, på tvers av team og på tvers av skular. Det er viktig å rydde tid for felles refleksjon, noko vi har auka fokus på. Leiinga har tydelege forventningar om at vi skal vekk frå privatpraksis og dra i felles retning.

Det er mykje spennande utviklingsarbeid i gang i skulen i Vågå. Dette krev sitt, både i form av tid, rom og ressursar. Det vil vera avgjerande for Vågåskulen at vi i våre prioriteringar framover tek dei grepa som gjer at vi beheld både verdifull kompetanse, dei gode lærarane og sikrar rekruttering. Det er også nå viktig å arbeide godt med det vi allereie er i gang med og leggje til rette for god læring i alle ledd av organisasjonen.

IKT – digitale ferdigheter

Alle våre elevar på 3.-7.steg har eigen PC, og brukar desse aktivt i læringsarbeidet. Det er utarbeidd eit sett PC-reglar som gjeld alle elevar frå 1.-10. steg, og vi arbeider med å planfeste kva digitale ferdigheter elevane våre skal ha på kvart steg. I løpet av skulåret vil vi føse inn bruk av nettbrett på 1. og 2.steg. Det fysiske formatet, samt gode og tilgjengelege appar gjer at vi anser dette som eit betre verktøy for dei yngre elevane. Lærarane brukar programmet OneNote aktivt, og deler digitale ringpermar både med kvarandre og elevar. Vi er òg inne i ei satsing der vi etter kvart skal bruke læringsplattforma Skooler. Samarbeid på tvers av skulane opplever vi som veldig konstruktivt og positivt. Leiinga deler både med kvarandre og med lærarane. Samtlege assistenter har òg eigen PC.

Auka læringsutbytte for elevar og tilsette

Skulen har hatt fokus på dei grunnleggjande ferdighetene over tid. Vi arbeider systematisk og strukturert med lesing i alle fag, og har to språk- og leserettleiarar med kvar sin ressurs på 8 t/v. Språk- og leserettleiarane køyrer parallelle intensive lesekurs etter modellen til Vigdis Refsahl, og dei vert òg nytta som ressurspersonar i forhold til begynnarpoplæringa i norskfaget. I tillegg har vi ein reknepedagog med ein ressurs på 3 t/v. Saman med språk- og leserettleiarane vil reknepedagogen bli nytta til å tilby intensiv opplæring til elever som heng etter i lesing, skriving eller rekning på 1. – 4.steg. I følgje det nye lovverket skal vi tilby elevane dette før dei eventuelt vert melde til PPT.

Læringsmiljø

Vågå kommune var med i eit 2-årig prosjekt «Inkluderande læringsmiljø i skule og barnehage (desember 2016-desember 2018) i regi av Fylkesmannen. Barnehagane og skulane skal arbeide meir systematisk og strukturert opp mot det psykososiale læringsmiljøet. Denne kompetansehevinga har ført til at assistentane har fått og brukar verktøy, og dermed står betre rusta til å møte elevane og utfordringane i skulekvardagen.

Vi har også kome godt i gang med Trivselsleiarprogrammet og ein av lærarane har ein ekstra ressurs til å følgje opp dette. Viktig å sjå dette opp mot arbeidet knytt til læringsmiljøprosjektet.

Korpsopplæring

Vi har i samarbeid med kulturskulen drive opplæring i korpsinstrument på 3. steget. Dette er eit spennande prosjekt som vi etter nokre år nå ser stimulerer til auka rekruttering også i korpsmiljøet. Vi ser at denne opplæringa gjer at vi dekkjer mange kompetanseomål i læreplanen som vi elles ville hatt utfordringar med å få til. Opplæringa bidreg også til at elevane lærer på andre måtar enn tidlegare.

FYSISK AKTIV LÆRING

I samarbeid med Lalm skule vil vi arbeide med fysisk aktiv læring. Dette er ein undervisningsmetode som kan nyttast i alle fag, og som forutset at elevane er fysisk aktive i læringsprosessen. Så langt har vi veldig gode erfaringar, og det er motiverte og ivrige elevar i desse øktene.

Samarbeid skule-heim

Foreldreskulen

Vi skal i år i gang med åttande runde av denne skoleringa og ser at det er eit veldig positivt opplegg i samarbeidet heim-skule. Dette sikrar god informasjonsflyt og legg grobotn for eit godt samarbeid mellom heim og skule. Dessutan er dette starten på etablering av eit foreldrenettverk på kvart klassesteg. Attendumdelingane frå foreldra er gode, og vi opplever at foreldra er godt budde når ungane deira startar på 1.steg.

Framtidige utfordringar

Ein større del av personalet er etter kvart over 60 år. Resultat av dette er:

- 1) auka vikarbehev i samband med uttak av ekstra ferieveke (9 ferieveker for 2018)
- 2) over 1 årsverk går med til redusert leseplikt.

Budsjettår vs skuleår: det kan vere utfordrande å forutsjå det reelle ressursbehovet (både personal og økonomi) når ein set opp budsjett, da det t.d. kjem tilrådingar frå PPT på spesialpedagogiske ressursar i løpet av skuleåret og at det kjem nye framandspråklege elevar. Dette er det vanskeleg å ta høgde for i budsjettarbeidet.

Kompetanse

Vi ser etter kvart store utfordringar knytt til kompetanse i 2-språkspedagogikk og spesialpedagogikk. Elevar med minoritetsspråklege bakgrunn som har rett på grunnleggjande norskopplæring står i fare for å ikkje få ei fullverdig opplæring dersom vi ikkje har kvalifisert personale. Med dei nye kompetansekraava til undervisningspersonell, ser vi også eit auka behov for å etterutdanne/vidareutdanne fleire av lærarane i løpet av ein 10 års-periode (innan 2025). tillegg er vi opptekne av å sikre rekruttering og ha eit stabilt personale

Ressursar

Det er viktig å få til ei god ressursfordeling med tanke på bruk av delingstimar, timer til spesialundervisning, samt personalressursar ut frå tildelt ramme. Store elevtal i småskulen fordrar god og tilstrekkeleg pedagogdekning. Vi lyt dessutan ta omsyn til den nye lærarnormen, som seier at det er maks 15 elevar per lærar på 1.-4.steg og 20 elevar pr. lærar på 5.-7.steg. For å sikre ei god kvalitativ opplæring i basisfaga norsk, matematikk og engelsk, ser skulen at ei 3-deling i desse faga vil gje ei god gevinst på sikt. Stort læringstrykk og fokus på dei grunnleggjande ferdighetene i desse faga vil styrke moglegeheitene for læring og vekst hjå den enkelte elev. I tillegg vil det vere lettare å følgje opp læringsmiljøet på ein god måte. Ved å ha eit stort trykk i småskulen, vil dette få positive konsekvensar for vidare læring og oppfølging på mellom- og ungdomssteg. Vi har eit sterkt ønske om ei 3-deling på dei store klassestega. Ei slik organisering og ressursfordeling vil og kunne redusere behov for tilrådingar og oppfølging frå PPT i enkelte tilfelle. God og tilstrekkeleg grunnbemanning vil og fordre mindre behov for vikartimar og føre til ein meir forutsigbar pedagogtilgang.

Måltal

Område	Målsetting 2019	Status 2018	Akseptabelt	Ikkje akseptabelt	2020-2023
Medarbeidarperspektivet:					
- Nærvær - Tilfredshet nærmaste leiar - Samarbeid og trivsel - Brukartilfredshet	95 4,7 5,1 4,8	94,1 Inga undersøking 2018	95 4,7 5,1 5,0	94> 4,7> 5,1> 5,0>	96 4,9 5,3 5,0
Brukarperspektivet: Resultat nasjonale prøver	Fylkessnittet	Over fylkessnittet engelsk. Under fylkessnittet i lesing og regning.	Fylkessnittet	Under snittet	Fylkessnittet
Elevundersøkinga: - Motivasjon - Læringskultur - Trivsel	4 4 4	3,9 4,1 4,3	4 4 4	4> 4> 4>	4,2 4,2 4,2
Foreldreundersøkinga: (Tilfredshet heim-skule)	4,5	Ikkje gjennomført	4,5	4,5>	4,5
Økonomi:	Ikkje negativt avvik	-1.388.000	0	Negativt avvik	Ikkje negativt avvik

Indikator og nøkeltall	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19
Årsverk for undervisningspersonale >	20,2	19,2	20,8	21,3	21,7
Antall elever per årsverk til undervisning	12,3	12,5	12,6	12,9	13,2
Antall assistentårsverk i undervisningen	4	5	5	5	10
Antall elever per assistentårsverk i undervisningen	53,0	43,3	47,5	52,7	24,7
Antall assistentårsverk per hundre lærerårsverk	20,0	25,9	23,1	21,3	47,3
Lærertetthet 1.-7. trinn	13,2	12,7	12,8	13,1	13,4
Lærertetthet 8.-10. trinn	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Lærertetthet i ordinær undervisning	17,1	14,7	15,0	15,4	16,7
Lærertetthet i ordinær undervisning 1.-4. trinn					16,3
Lærertetthet i ordinær undervisning 5.-7. trinn					17,3
Lærertetthet i ordinær undervisning 8.-10. trinn					0,0
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Lærertimer som gis til undervisning	12 882	12 730	13 401	13 819	14 207
Undervisningstimer totalt per elev	60	59	59	58	56
Indikator og nøkeltall	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19
Talet på elevar	214	215	228	240	253
Talet på lærarar med kontaktlærarfunksjon	15	14	15	14	18
Talet på lærarar	26	26	26	26	25

Vågåmo skule, Grunnskole, Elevar, lærarar, skolar, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Vågå Ungdomsskule

Namn på leiari: Arnt Odnes

Talet på årsverk: 22,5

Vågå ungdomsskule er ein 8-10-skule som skuleåret 2019-2020 har 127 elevar.

Bemanninga skuleåret 2019-2020 består av ein tenesteleiar og ein avdelingsleiar med 100% administrasjon, 21 lærarar i til saman 16,7 årsverk, og fire assisterantar i 2,9 årsverk. Vi har ein person i merkantil funksjon i 90% stilling.

Visjon:

Vågå ungdomsskule sin visjon er: [Vi klatrar i lag](#). Vi har eit felles mål vi arbeider mot, der alle skal med i eit inkluderande fellesskap som gjev gode vilkår for læring.

Tenester og oppgåver som skal utførast

Elevtal	2018-2019	2019-2020	2020-2021	2021-2022	2022-2023
	123	127	137	126	125

